

INSPIRERER



Kvalitetsplan

Oppvekst og kultur



Det krevst ei heil bygd for å oppdra,
danna og utdanna eit barn

Det krevst ei heil bygd for å oppdra,
danna og utdanna eit barn



Å kjenna seg **trygg**

Å høyra til og vera inkludert
skaper grunnleggjande tryggleik.

Trykt i mars 2012
Layout: Picapoint Studio

© Os kommune 2012

Det krevst ei heil bygd for å oppdra,
danna og utdanna eit barn



Å meistra

Med tru på egne evner kan
born og unge læra og visa
at dei meistarar.

Innleiing

*Kva er det beste vi kan gje borna våre –
som skal veksa opp i ei framtid vi vaksne ikkje
kjenner eller har erfaring frå?*

Oppvekstmiljø – inkludering og fellesskap

Born er og har alltid vore "born av si tid". Difor er oppvekstarenaen i konstant endring. Born og unge vil kontinuerleg gje bygda nye utfordringar. Lokalsamfunnet må møte denne endringa med evne til tilpassing og fornying, og vi må klara å tenkja fornying og bevaring samstundes. Vi må ikkje vera redde for born og unge sine ulike uttrykk. Desse uttrykka er ein del av identiteten deira - og deira måte å møte verda på. Det vi som vaksne må vera tydelege på, er at vi eig og utviklar dei same grunnleggjande verdiane i dei ulike oppvekstmiljøa til born og unge.

Integrering og utvikling av ein inkluderande læringsarena står sentralt i dette arbeidet. Vi vil skapa eit oppvekstmiljø for alle born, utan omsyn til bustad, kjønn, sosial bakgrunn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Vi vil gje alle borna oppgåver og utfordringar som dei kan veksa på, og som dei maktar og meistarar. Det er ei utfordring å ivareta fellesskapsdimensjonen samstundes som det einskilde barnet er i fokus. For å få dette til må vi gje større handlingsrom, fleire høve til val og rom for større fleksibilitet. Vi må heile tida utvikla ein organisasjon som gjev born og unge tryggleik, støtte og tru på framtida

Born og læring

Alle born er fødte med fantastiske kreative evner. Vi har alle vore barn, men ikkje alle vaksne ser på seg sjølve som kreative lenger. Noko har gått tapt undervegs. Men det forskning viser, er at vi må læra oss grunnleggjande ferdigheiter, og at vi lærer best når vi er engasjerte under læreprosessen. For eksempel - det å læra matematikk kan og bør vera ein svært kreativ prosess. Vi treng fagfolk som er dedikerte og som er i stand til å gje faga liv og gjera læringa interessant. Det som kan drepa interessa hos born og unge, er å læra gjennom ein type pugging der meininga ikkje er synleg og relevansen ligg langt framme i tid. Grunnen til dette er at denne måten å arbeida på ikkje samsvarer med deira måte å tenkja og oppføra seg på. Som ein konsekvens av dette, har vi kan henda i systema våre og måten vår å tenkja skulering på - utan å vilja det - lagt til rette for noko som vert omtalt som ein epidemi av "merksemdssvikt". Mange born og unge er rastlause, men det treng ikkje vera noko gale med dei for det.

Born og tida dei lever i

Forståinga for kvifor ein går på skule og må læra fag og tabellar, kan vera eit problem for born og unge. Dei lever på ein måte i ei anna verd enn oss vaksne. Den digitale teknologien har forandra det meste. For 10 år sidan fanst ikkje Google, heller ikkje smarttelefonar, iPod, iPad, Facebook eller Twitter. Borna våre lever like mykje i den verda, som i den verda vi vaksne har bygt opp og kjenner. På fritida tek born og unge i bruk dei digitale verktøya til lek, underhaldning og for å halda kontakt med venner. Skuledagen bør gje same høve til å vera med på den digitale reisa innanfor skulen sine rammer og med skulen sitt innhald.

Vi snakkar om ein revolusjon - ikkje berre ei forand-ring. Det er eit større og større problem at skulen speglar det samfunnet vi vaksne kjenner og ikkje den verda borna våre lever i. Born som byrjar på skulen hausten 2011, vert pensjonistar rundt år 2070. Dette er tankevekkjande perspektiv når faktum i ei kortform er at ingen anar korleis verda ser ut i neste veke. Utviklinga innan dette området går så raskt at det vi lærer i barneskulen er annleis enn det vi treng å kunna når vi er ferdige med vidaregåande skule. Poenget er å vera med på dei endringane som skjer – og bruka nye digitale verktøy. Nokre av dei vil visa seg å verta viktige, andre er berre del av ei utvikling.

Kartleggingar, testar og prøvar

Prøvar og testar har sin plass som sjekkpunkt i dei unge sine liv, like naturleg som at dei vert vegen og målte hos helsesøster - som ein temperaturmålar på at alt er vel. Vi treng standardiserte prøvar der borna sine prestasjonar vert samanlikna mot ein forskingsbasert standard. Vi må i heile dannelsesløpet plassera prøvane som ein underordna del av læreprosessen - som ein del av førebuinga. Men det er avgjerande at



innretninga på dei standardiserte prøvane gjer dei til støtte for danning og utdanning. Prøvane må aldri bli føremålet med utdanninga.

Vaksne må stå saman

Kommunalsjefen sitt hovudfokus i "Kvalitetsplan for oppvekst og kultur" er tilpassa danning og utdanning i møta mellom born og vaksne i kommunen. Hovudutfordringa er å saman leggja tilhøva best mogeleg til rette for born si læring og utvikling. Dei vaksne er dei sentrale aktørane i utvikling av lokalsamfunn, oppvekstmiljø og læringsmiljø. Støtte, stimulering og utvikling av vaksenrolla, både den profesjonelle og rolla som føreset på ulike arenaer, er ein grunnleggjande føresetnad for at vi skal lukkast saman. Vi vil noko på vegne av borna våre, og dette må koma til uttrykk i all vår omgang med born og unge. Dette utgangspunktet er òg den beste føresetnaden i møte mellom alle aktørane i lokalsamfunnet. Vi vil noko saman. Då er det ikkje godt nok å gjera sitt beste, men då vert oppgåva å gjera kvarandre gode.

*“La kvar heim,
kvar gatehjørne,
kvar møteplass,
vera ein plass
for læring.”*

Nelson Mandela

Os 28. mai 2011



Ingvar Torsvik
Kommunalsjef

Farer

Noen farer forbi,
de e' farer til så mange.
Faren min han vil bli
og han tar meg opp på fanget.
Det finns så mange farer
altfor mange slakke lik.
Det som skremmer barnet
e' faren for et svik.
Farer kan oppdra
de kan rive deg ner'.
Farer kan true
de kan trøste deg mer.
Farer som står stødig
kan en skubbe seg imot.
D' e' 'kje farlig om han holder fast,
hvis eg e' spinnaker og han e' mast.
Men når eg vil mønstre av,
- og seile sjøl, på min egen kjø,
då slipper far og hilser meg farvel.

Ingvar Torsvik

Kommunalsjef for Oppvekst og kultur varsla i desember 2010 at arbeidet med ein kvalitetsplan var i gang. Planen skulle dekke heile tenesteområdet. Planlegginga starta rett etter at "Skulebruksplan for Os kommune 2010-2020" vart vedteken i kommunestyret 26. oktober 2010. Ei skisse for kvalitetsplanen vart presentert for tenesteutvalet i desember same året.

I 2011 har planarbeidet dreia seg mykje om å setja i gang prosessar på dei ulike einingane for å få innspel til planen. Kommunalsjefen har også orientert om planarbeidet på alle einingane i tenesteområdet.

Tidspunkta under fortel korleis prosessen har vore dette siste halvåret fram til ferdig utkast til plan. Einingane og tenesteutvalet har høve til å koma med innspel før planen skal opp i kommunestyret før sommaren. Endeleg plan går i trykken og vert lagt ut på Os kommune sin nettstad i løpet av seinsommaren.

20. januar 2011: Tankar om planen vart presentert for leiarane i Oppvekst og kultur

27. - 28. januar 2011: Strategisamling med alle leiarane innan Oppvekst og kultur - inkludert dei private barnehagane

9. februar 2011: Presentasjon i tenesteutvalet med 14 dagers frist for tilbakemeldingar på dei første kapitla

April/mai/juni 2011: Prosess på einingane

8. juni 2011: Presentasjon av planen i tenesteutvalet

14. juni 2011: Vedtak i kommunestyret

16. august 2011: Presentasjon av vedteken "Kvalitetsplan for Oppvekst og kultur 2011-2014" i Oseana for alle tilsette i tenesteområdet Oppvekst og kultur

Kvalitetsplanen er resultat av ein prosess med aktørar frå alle einingane. Kommunalsjef har redaktøransvaret. Planen er ført i pennen av *Annbjørg Dalland*.

Det krevst ei heil bygd for å oppdra,
danna og utdanna eit barn



Å meistra

Med tru på eigne evner kan
born og unge læra og visa
at dei meistrar.

1	Kvalitetsplan - kvifor og korleis?	11
1.1	Føremålet med kvalitetsplanen	11
1.2	Korleis tilbakemelda resultat?	12
2	Kva skal vera felles grunnlag?	13
2.1	Fokus på vernande faktorar	13
2.2	Visjon	13
2.3	Misjon	14
2.4	Verdiar	14
2.4.1	Å verta anerkjent	16
2.4.2	Å meistra	16
2.4.3	Å kjenna seg trygg	17
3	Kven er målgruppa?	21
3.1	Tidslinje	21
3.2	Born og unge i Os kommune	21
3.3	Statistikk om born og unge	21
4	Kva er mål og handlingar?	23
4.1	Fokusbefring frå rammer til mål	23
4.2	Mål- og handlingsplanar	25
5	Kva innsatsområde er valde ut?	27
5.1	Det krevst ei heilbygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn	27
5.1.1	Å høyra til	28
5.1.2	Stoppunkt på vegen	29
5.2	Lokalsamfunnet	31
5.2.1	Møteplassar for kommunikasjon og samhandling	33
5.2.2	Biblioteket - ein arena for danning og utdanning	37
5.3	Oppvekstmiljø	40
5.3.1	Foreldrerolla	41
5.3.2	Fysisk fostring, kosthald og helse	44
5.3.3	Overgangar	47
5.4	Læringsmiljø	50
5.4.1	Læringsmiljø	51
5.4.2	Barnehage - heim	54
5.4.3	Skule - heim	55
5.4.4	Språkutvikling	57
5.4.5	Nasjonale prøvar - lesing, rekning, engelsk	61
5.4.6	Kartleggingsprøvar - lesing 2. trinn	63
5.4.7	Digital kompetanse - og danning	65
5.4.8	Symjeferdigheit	67
6	Kva andre planar finst?	68
6.1	Oppfølging og rullering av planar	68

Ak ja - selv den sterkeste cigar
bliver en gang til aske

P. Storm

1. Kvalitetsplan - kvifor og korleis?

1.1 Føremålet med kvalitetsplanen

Føremålet med kvalitetsplanen for kultur, førebyggjande tenester, skular og barnehagar å mobilisera til innsats, synleggjera mål og handlingar samt sikra kontinuitet i arbeidet. Det vil innebera at alle vaksne som møter born og unge på ulike arenaer må samarbeida for å nå måla i planen. For å sikra at arbeidet får naudsynt status og prioritet, må det forankrast på øvste politiske nivå samt i alle teneste-ledd og tenestenivå.

På denne måten vert kvalitetsplanen også ein kvalitetssikrings-plan. Ein legg til rette for ei kvalitets-sløyfe der einingane via rådmann ved kommunalsjef er i eit forpliktande og avtalt grep i møte med det politiske miljøet - slik at den politiske viljen er synleg i det daglege arbeidet i tenestene, og einingane sine faglege forankringar er kjende i dei politiske prosessane. Politkarane si oppgave vert då å følgja trendane på måloppnåing og kvalitetsutvikling over tid. Administrasjonen si oppgave vert å gje politkarane rett informasjon i avtalte møte og rett avgjerdsgrunnlag når vedtak må fattast.

Figuren under viser den omtalte kvalitetssløyfa:



God styringsdialog mellom politikarar og administrasjonen for Oppvekst og kultur kan best sikrast ved at ein har valt ut tydelege styringsmål.

Tankegangen om styringsmål må ta utgangspunkt i kva tenester vi vil ha i kommunen.

Dialog om styring skal gå føre seg i og gjennom **Tenesteutvalet**.

Med rammeoverføringar frå staten kan kommunane og politikarane, i større grad enn tidlegare, sjølve gjera val og styra innhaldet i tenestene kommunen tilbyr. Dette krev at dei får større innsyn og innsikt i tenesteområdet Oppvekst og kultur.

Vi vil aldri ha evna til å forandre den ein er, men vi har heile tida høve til å forbetra oss.

Zig Ziglar

1.2 Korleis tilbakemelda resultat?

Kvalitetsplanen legg opp til å ta i bruk eit spekter av måtar å måla resultat på, til dømes gjennom nasjonale kartleggingar og prøvar samt lokale planar og undersøkingar. Ikkje alle tiltak kan rapporterast med tal, og bak kvart tal kan det liggja "ei forteljing". Her vert det heilt avgjerande å ta i bruk eit breitt utval av måtar einingane kan tilbakemelda på.

Myrsnipa

En jeger dro på eventyr
og jaktet fugl og ville dyr.
Han gikk med myke skritt.
Han tok geværet sitt
og la seg til i enden av en myr...
Og skogen lå i morgendis,
som vek for sol og kjølign bris.
Da fløy det frem fra nord,
en pjusket snipemor.
Hun lokket jegeren på mamma vis

Å, Kjære jeger,
mine unger leker mellom siv.
Å, vær så snill å spare deres unge liv.
Å kjenne dem er ganske lett,
de vakreste du noensinne så,
er mine små.

Ja så dro han til en annen kant,
og tok de styggeste han fant.
Han var fornøyd og blid,
og han kom rett forbi.
Men da pep myrsnipa så smertelig...
Jeg elsket dem mer enn meg selv,
men så tok du dem allikevel.
Han svarte; Slike skarn
kalte du pene barn?
Hun sa; Men selv en jeger må forstå.
Enhver syns best om sine egne små!

Jan Eggum

Det kan vera gjennom:

- Mål- og handlingsplanar – for ulike einingar
- Tertialrapportar
- Årsmeldingar

Møteplassar for tilbakemelding og evaluering kan vera:

- Møte med kommunalsjef for Oppvekst og kultur
- Møte med barnehagefagleg ansvarleg/ skulefagleg ansvarleg
- Møte i Oppvekstforum
- Rektormøte/styrarmøte
- Personalmøte på einingane

Ved å ta i bruk mange møteplassar og måtar å gje tilbakemelding på, sikrar ein seg innspel, at arbeidet vert evaluert undervegs og at styringsmåla vert haldne jamt fokus på i einingane.

Innan ulike område skal ein arbeida i nettverk. Nettverksarbeid kan vera samarbeid innan kommunen eller saman med andre kommunar. Nettverka skal vera lærande i den forstand at dei skal skapa dialog, erfaringsutveksling og refleksjon - som grunnlag for endring av praksis.

2. Kva skal vera felles grunnlag?

2.1 Fokus på vernande faktorar

Med fokus på sams visjon, misjon og verdiar ønskjer ein i denne kvalitetsplanen å tydeleggjere sjølve grunnlaget for arbeidet blant born og unge i kommunen.

Forsking seier ein del om kva som er viktig for born og unge som veks opp, og kva som gjer at det går bra med nokon og mindre bra med andre. Born og unge si læring og utvikling er avhengig av tilhøvet mellom risikofaktorar og vernande faktorar i oppveksten. Vernefaktorar er faktorar som kan redusere vanskar og uheldig utvikling hos born og unge.

Med bakgrunn i dette bør arbeid blant born og unge i Os i størst mogeleg grad dreia seg om å etablera og leggja til rette for vernande faktorar på ulike oppvekstarenaer. Vernande faktorar i barnehage, skule og i lokalsamfunnet elles, er mellom anna oppleving av meistring og å utvikla positive relasjonar til andre born og vaksne.

Berre den som kan fungera i eit fellesskap, held ut å vera åleine.

Berre den som held ut å vera åleine, kan fungera i eit fellesskap.

Dietrich Bonhoeffer

2.2 Visjon

Os kommune sin visjon er:

”Med vekstkraft og evne til å fornya seg sjølv.”

Visjonen inneber fokus på evne til å veksa ved å ta i bruk eigne krefter for å nå mål. I tråd med dette er visjonen til tenestemrådet Oppvekst og kultur ei omskriving og omsetjing av eit afrikansk ordtak:

”Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn.”

Visjonen understrekar at vaksne må stå saman, visa omsorg og samstundes vera tydelege i møte med born og unge.

Den synleggjer også eit grunnleggjande verdifundament for alle som arbeider med born og unge i kommunen.

Dette skal vera utgangspunktet for alle vaksne som møter born og unge i Os kommune. Danning handlar ikkje om fine manerar, men om ein personleg, livslang prosess og eit aktivt og medvite tilhøve til omgjevnadene, der ein gjensidig påverkar kvarandre.

Utdanning inneber at born og unge utviklar kunnskapar og ferdigheiter i lag med andre.

Ambisjonen for alle som arbeider med born og unge i Os, vert å setja visjonen om til praktisk handling, ved at dei vaksne går framfor som gode førebilete.

2.3 Misjon

• Livskvalitet for alle

Dette er misjonen til Os kommune og omfamnar alle innbyggjarane. I møte med born og unge vil dette seia at vi skal arbeida målretta for at alle skal få ein så innhaldsrik kvardag som mogeleg. I dette arbeidet kan mange bidra. Frivillige lag og organisasjonar har ei avgjerande betydning i denne samanhengen.

Det er eit mål at alle born og unge i Os skal få høve til å delta i aktivitetar der dei kan få bruka seg sjølve og evnene sine, og ofte i samhandling med andre. Det kan vera i skule og barnehage - i tillegg til aktivitetar i regi av frivillige lag og organisasjonar - innan idrett, friluftsliv, kultur, musikk, kunst og teater.

Verdier er å ligne med personlighetstrekk – de få, sterke begrepene som skal kjennetegne organisasjonen vår i ett og alt.

Ingebrigt Steen Jensen (2002):
Ona fyr. For deg som vil lykkes sammen med andre.


2.4 Verdier

Utfordringa for oss er ikkje å velja verdier, men å velja verdier vi ikkje kan leva utan. Verdiane skal gjera oss tydelege og hjelpe oss til å ta avgjerder i kvardagen – samt driva oss fram mot visjonen "Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn".

Verdier er noko som er viktig for oss og som bestemmer kva val vi tek. Det handlar om å vera tilstades i born sine liv.

Grunnleggjande verdier for alle som arbeider med born og unge i Os kommune skal vera:

- **Anerkjenning** - gje og bli
- **Meistring** - kunna og visa
- **Tryggleik** - beskytta og gje friedom



2.4.1 Å verta anerkjent

I eit positivt og anerkjennande miljø vert alle sett og opplever samhald. Det vil seia at vi viser respekt for dei og ser på dei som likeverdige. Vi bekreftar dette på ein positiv måte og viser tillit.

Vi har toleranse for ulike syn, ulike kulturar og ulike bakgrunnar. På den måten skaper vi også anerkjennande miljø.

2.4.2 Å meistra

Med tru på egne evner kan born og unge læra og visa at dei meistrar. Ved å nå mål eller ved å klara nye utfordringar, kjenner born og unge at dei lukkast.

Nå kan du det

*Nå kan du det, nå kan du det, jeg holder ikke nå
jeg stopper opp, du ruller vekk, og himmelen er blå.
Der sykler du, du sykler nå! Blant lavblokker og stein
i junisol, med vingefart, og tynne, brune bein.
Jeg står igjen på asfalten, litt andpusten og svett
med merker inni hendene fra ditt bagasjebrett.
Der ruller du så fint av sted
så svinger du, du klarer det
og smilet ditt er veldig bredt
alt ble med ett så veldig lett:
En mandagskveld, en sykkel og en plastflaske med vann
en jente og en asfaltplass og brennesle og sand.
Og ikke visste vi at man kan bli så glad og fri
på en parkeringsplass rett bakom Moltzau trykkeri.*

Rishøj, Ingvild H. (2011).

*Pling i bollen
– fine og ufine barnerim.*

Å oppleve meistring gjev motivasjon til å nå nye mål og nye utfordringar. Vi må gje utfordringar som byggjer på kunnskap og ferdigheiter som born og unge har, og som samstundes peikar mot høgare mål.

Born og unge som får høve til å undra seg og vera nysgjerrige, får lyst til å læra.

2.4.3 Å kjenna seg trygg

Å høyra til og vera inkludert skaper grunnleggjande tryggleik. Rammene rundt born og unge må vera føreseielege.

Vi må byggja opp gode relasjonar i høve til born og unge - og mellom dei - og samstundes vera tydelege vaksne.

Å verta anerkjent og oppleva meistring skaper tryggleik. I tillegg vil eit miljø prega av at vi er rause skapa trygge born og unge.


Å kjenna seg trygg

Å høyra til og vera inkludert skaper grunnleggjande tryggleik.




Oppvekst og kultur

Meistring, anerkjening og tryggleik



Tidslinje



Det krevst ei bygd for å oppdra eit barn

Ordforklaring til tidslina

DUÅ er eit program som er retta mot foreldre, barn og tilsette i barnehage og skule/sfo. Det har fokus på å førebyggja åtferdsvanskar og å gje dei vaksne strategiar i møte med barn med åtferdsvanskar. Programmet er tilrådd av Helse- og omsorgsdepartementet som ei tilnærming ved førebygging og behandling av barn og unge i alderen 0 til 12 år med åtferdsproblem.

MOT er ein haldningsskapande organisasjon som arbeider for og med ungdom. MOT sitt mål er å bidra til robuste ungdommar og trygge ung-domsmiljø. MOT har ein heilskapeleg modell for korleis lokalsamfunn kan arbeida saman med ungdom. Modellen består av program i ungdomsskolen, vidaregåande skule og på fritidsarena.

I Os kommune skal alle skular få innføring i og ta i bruk LP-modellen. LP – Læringsmiljø og pedagogisk analyse - er ein arbeidsmetode til bruk i pedagogisk utviklingsarbeid. Føremålet med metoden er å skapa læringsmiljø som gjev gode vilkår for sosial og fagleg læring hos elevane.

EPDS – the Edinburgh Postnatal Depression Scale

Metoden er eit kort screeiningsinstrument til bruk på helsestasjonar for å oppdaga depressive symptom hos kvinner som nyleg har fått barn.

DKS – Den kulturelle skulesekken

Måla for "Den kulturelle skulesekken" skal vera:

- å medverka til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod
- å leggja til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og utvikla forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- å medverka til å utvikla ei heilskapeleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål

3 Kven er målgruppa?


3.1 Tidsline

Kvalitetsplanen omfattar born og unge i ei tidsline frå fødsel til ung vaksen. Dette viser tidslina på førre side der det er markert kva tiltak og rutinar som er innarbeidde. Den illustrerer også kven som skal bidra for å få til eit best mogeleg oppvekstmiljø for born og unge i kommunen. I tillegg viser tidslina kva slag særlege satsingar eller program som er tekne i bruk i kommunen - eller som ein er i ferd med å ta i bruk.

3.2 Born og unge i Os kommune

I Os kommune bur det 4985 born og unge i aldersgruppa 0-19 år (pr.1.1.2011).

Tabellen under syner talet fordelt på aldersgrupper:



3.3 Statistikk om born og unge

Statistikk på landsbasis viser at:

- 85-90 % av alle born vert tekne godt vare på i heimen.
- Om lag 10-15 % av alle born vil ha behov for varierende grad av støtte eller tilrettelegging i barnehage, skule eller heim.
- Om lag 3-5 % av alle born vil ha behov for tiltak/intervensjon av meir endrings- eller behandlingsretta karakter. Her er inkludert omsorgstiltak etter barnevernslova.
- 10-15 % av alle born i førskulealder har ei forseinka språkutvikling.

På landsbasis har talet på elevar med spesialundervisning gått opp dei siste åra. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at det er også slik at delen som får spesialundervisning, aukar med høgare årstrinn. 7 % av elevane på barnesteget fekk spesialundervisning i 2010, mot 11 % på ungdomssteget.

Os kommune må ha gode system for å fanga opp den prosentdelen av born og unge som har behov for hjelp og støttetiltak. I dette arbeidet må også born og unge si psykiske helse satsast særleg på:

- Born og unge med noko behov for enkle og/eller kortvarige støttetiltak.
- "Gråsonabarn" – med ulike risikofaktorar som kan disponera for særlege utfordringar.
- Born og unge med klare behov for assistanse, tilrettelegging og støttetiltak.

Tal frå Folkehelseinstituttet viser at så mange som 200 000 barn og unge, eller ca 15 - 20 % har psykiske plager. Dei mest utbreidde plagene er symptom og plager som tungsinn og mismot, angst og problem med eting og søvn:

- *Ca 8 % har psykiske lidningar, dvs. at symptombelastninga er så stor at det kan stillast ein diagnose.*
- *Ca 4 - 5 % har behov for hjelp i spesialisthelsetenesta.*

Planar

Os kommune har eigen plan for psykisk helsearbeid og i tillegg ein rusmiddelpolitisk handlingsplan.

4. Kva er mål og handlingar?

4.1 Fokusforskyving frå rammer til mål

Alle som bur i Os har ansvar for oppvekstmiljøet i kommunen. Os kommune har det profesjonelle ansvaret for den samla kvaliteten i helsestasjon og skulehelsetenesta, skular, skulefritidsordningar og barnehagar. Kommunen skal elles vera ei drivkraft i utvikling av lokalsamfunnet. For å få til ei kvalitetsutvikling krev det både kunnskap om status, "Kor gode er vi?" og kunnskap om mål, "I kva retning skal vi utvikla oss?"

Kvalitetsutvalet har definert ei inndeling av kvalitet i områda struktur, prosess og resultat. For at kvaliteten innanfor tenesteområdet Oppvekst og kultur skal vera god, må den vera god på alle tre kvalitetsområda.

Figuren på neste side viser at resultat kan målast på ulike måtar. Tal frå GSI (Grunnskolen informasjonssystem), KOSTRA (Kommune-statrapportering) og andre kan gje oss informasjon om mellom anna kor mange tilsette i kommunen har innanfor ulike einingar. Men ikkje alt kan eller skal målast. Brukarundersøkingar kan fortelja noko, men ikkje alt. Arbeid med verdiar krev eit langsiktig perspektiv, er komplekst, og det er ikkje alltid like enkelt å vurdere kva som er årsak og kva som er verknad. Planen har eit heilt tydeleg fokus på "det som tel" – at born og unge vert anerkjente, opplever meistring og kjenner seg trygge.

Kvalitetsplanen er forankra i det nasjonale lovverket og nyare forskning knytt til utvikling av skular og barnehagar.

Her løfter ein fram område som det skal satsast særleg på i Os kommune.

Med tydelege mål vil ein sikra gode system og rutinar som skal gjennomsyra det daglege arbeidet.

Målet er å sikra barn og unge gode levekår og gode tilhøve for å utvikla seg.


En time med Arne Næss

I et overflodssamfunn som Norge trenger vi både en pedagogikk og et utdanningssystem som tar hensyn til følelser. Vi snakker om utdanning. Jeg mener vi også bør snakke om inndannelse; indre verdier som undring, kreativitet og fantasi.

Det er mange fag som er utmerket egnet til å fremme slike egenskaper, men da må vi ha utdannede lærere som får lov til å være personlige og forme sine undervisningsopplegg friere. Dessuten må kunnskapsnivået senkes – å lære godt er å lære sakte.

Læring blir bare effektiv hvis elever og studenter av og til får konsentrere seg om noe de gløder for.

Fokusskyving frå rammer til mål



4.2 Mål- og handlingsplanar

Kvar eining skal kvart år utarbeida ein mål- og handlingsplan som er i samsvar med mål, resultat og aksjonar som kjem fram i kvalitetsplanen. Einingane sine planar skal visa tydeleg samanheng mellom nasjonale og kommunale føringar. Planane skal gjerast kjende for føresette og leggast ut på eininga sin nettstad.

I Mål- og handlingsplan for Oppvekst og kultur er strategiske mål delte opp i delområda samfunn, brukarar, medarbeidarar, interne prosessar og økonomi. Mål- og handlingsplanar til einingane må også ta utgangspunkt i desse delområda. Ordet "bygda" i kvalitetsplanen sitt perspektiv inneber å byggja opp eit godt lokalsamfunn med gode oppvekst- og læringsmiljø.

Mål- og handlingsplan for Oppvekst og kultur	
Samfunn	Bygda; med gode tenester og samhandling mellom desse: <ul style="list-style-type: none"> • Gode barnehagar • Gode grunnskular • Gode kulturaktivitetar • Gode førebyggjande helsetenester • Gode tenester i barnevernet • Gode tenester i PPT
Brukarar	Bygda; der den einskilde opplever anerkjening, meistring og tryggleik. <ul style="list-style-type: none"> • Born med god fagleg og sosial utvikling. • Føresette og brukarar av helse- og fagtenestene som opplever anerkjening og som kjenner til kva tenestene inneber og kan tilby.
Medarbeidarar	Bygda; der medarbeidarar opplever seg myndiggjorte, kompetente og trygge.
Interne prosessar	Bygda; der tenesteområda samhandlar.
Økonomi	Bygda; der det er samsvar mellom oppgåver og høve til å løysa dei. <ul style="list-style-type: none"> • Sikra "bygda" økonomisk handlefridom.

Eit strategisk mål er å utvikla ei bygd med samhandling mellom tenestene og innanfor tenesteområda. Det vil krevja ei heilskapeleg tenking i møte med born og unge. Det er vidare eit mål at alle medarbeidarar skal vera myndiggjorte, kompetente og trygge. Det er i den samanhengen ein føresetnad at det er samsvar mellom tildelte oppgåver og høve til å løysa dei.

Vi treng gode leiingar på alle nivå. Det er ikkje nok å meina at vi må ha dei - leiareigenskapar må byggjast opp over tid. Vår måte å utvikla leiarskap på er å gje oppfølging, skapa struktur og forventna aksept på retning og mål – ikkje nødvendigvis konsensus. For å vera ein leiing som både skapar aksept og er tydeleg, så handlar det om både hovud og hjarte. Ein må kontinuerleg halda tak i visjonane og samstundes vera tilstades i detaljane.

Det er lov å ikke nå målene vi setter i planer for kvalitet, men det er ikke lov å legge listen lavt. Når det handler om livskvalitet og muligheter for barn og unge, så skusler man ikke bort deres muligheter ved lave målformuleringer. "Ingen kommer til fjells på en flat vei". Alle barn skal ha noe å strekke seg etter. De flinkeste trenger de tøffeste utfordringene.

Astrid Søgner

5. Kva innsatsområde er valde ut?

5.1 Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn

Ein heilskapeleg plan for born og unge i Os kommune må femna breitt. Dette er førebyggjande arbeid og krev innsats frå alle som møter born og unge i kommunen. Tilsette i førebyggjande helsetenester, skular og barnehagar er heilt sentrale aktørar. Like viktige er alle instruktørar, trenarar, leiingar og andre i frivillige organisasjonar, til dømes innan idrett og friluftsliv, samt einskildpersonar som yter ein innsats til beste for born og unge i kommunen.

Føresette har hovudansvaret for borna si danning og utdanning. Deira haldningar til opplæring i skule og barnehagar kan vera avgjerande for læringsutbyttet til born og unge. Føresette har førstehands kjennskap til sine eigne born, og denne kunnskapen må verta dei profesjonelle aktørane til del.

Felles haldningar og verdier i møte med born og unge vil gje dei ei god ballast i livet og gjera dei betre rusta til å møta nye utfordringar. I tillegg ønskjer ein å leggja til rette for at born og unge får utvikla kreative evner i samspel med andre - og på ulike arenaer. I den samanhengen er det viktig å leggja til rette for både organiserte og uorganiserte aktivitetar. Det sistnemnde vil vera stader der born og unge kan møtast – til dømes på idrettsbanene eller nærmiljøanlegga rundt om i kommunen, på "Allakten" eller på uteområda knytt til skule- og barnehageanlegg. Frivillige i Os frivilligsentral er "ungdom" i alle aldrar. Samarbeid på tvers av generasjonar vil kunna byggjast opp på ein slik arena.

At det vert utvikla positive relasjonar mellom vaksne som møter born og unge, er like viktig på alle arenaer; anten det gjeld mellom pedagog og elev eller mellom trenar og utøvar.



Eit godt oppvekstmiljø er avhengig av opne og inkluderande møteplassar, der terskelen for å delta er lågast mogleg. Slike stader der alle er like velkomne, er blant dei viktigaste investeringane i eit trygt oppvekstmiljø og i tillegg godt førebyggingsarbeid.



Møte- og aktivitetsplassar for born og unge i Os må tilpassast og utviklast med fokus på den verda som kjennest tidsriktig for dei i dag. Arenaer for aktivitet, både organiserte og uorganiserte, er svært viktige også i ein helsefremjande samanheng. Ved å gje slike arenaer større anerkjenning, skapar vi i tillegg trygge rammer rundt born og unge. Dette kan gjelda både skateparkar, ballbingar og musikkbingar og andre stader der born og unge møtast på tvers av alder.

Når born og unge får eit medvite tilhøve til si eiga historie, kan dei også utvikla engasjement, nysgjerrigheit og forståing for eige lokalmiljø - og andre kulturar.



I Os kommune er det eigen plan for tiltak i regi av **Den kulturelle skulesekken**. Her får elevar innsikt i lokal historie ved til dømes å besøkje Vargahola og gamlestova på Hauge.



Slike tiltak gjer born og unge kjende i Os-bygda og saman med andre tiltak i regi av skular, barnehagar samt frivillige lag – og organisasjonar bidreg dette til at born og unge "kjenner seg heime" i kommunen.

Planar

Os kommune har kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet og ein kulturminneplan.

I denne planen vil ein setja fokus på kor viktig det er at born og unge vert anerkjente og opplever meistring og tryggleik på alle arenaer. Det vil seia både i barnehage, skule og i fritida deira – enten vi møter dei på idrettsarenaer, i kulturskulen, på aktivitetar/tilstellingar eller andre stader. På denne måten kan vi mobilisera alle som møter born og unge til ein felles innsats for å skapa eit godt oppvekstmiljø i bygda.

For å skapa ei bygd der alle bidrar til beste for born og unge i kommunen, er det heilt sentralt å ha fokus på heile lokalsamfunnet, og kva slag arenaer vi vil byggja opp og ta vare på. Samstundes må vi velja ut kva område som er viktige å kvalitetssikra innanfor oppvekstmiljøet i kommunen – og arbeida systematisk og målretta mot desse. Det sistnemnde vil også gjelda for læringsmiljøet i barnehagar og skular/ skulefritidsordningar(SFO).

5.1.1 Å høyra til

Kjensla av tilhøyrsløse i eit samfunn er viktig for alle – og er ein viktig dimensjon i ein kvalitetsplan. Tilhøyrsløse oppstår ikkje i eit vakuum. Born og unge med kunnskap om fortid, notid - og tru på framtida - opplever at dei høyrer til. Dette skjer mellom anna gjennom kunnskap om vår eiga historie, gjennom å ta vare på og formidla kulturminne og gjennom møteplassar mellom generasjonar. Å vera osing er noko ein kan slutta seg til, identifisera seg med og aktivt vilja utvikla og vera ein del av.

Gjennom ungdommens kommunestyre (UKOS) får unge medverknad på område som gjeld dei. Dette er viktig for å skapa tilhøyrsløse til bygda og forståing for korleis saker som gjeld born og unge vert arbeidd med. På denne måten viser

ein vilje til å inkludera unge i lokalpolitiske prosessar. Også på andre arenaer er det viktig å ta born og unge på alvor og leggja til rette for at dei får koma med innspel og påverka prosessar som gjeld oppvekstmiljøet deira.

5.1.2 Stoppunkt på vegen

Måla i kvalitetsplanen er knytte opp mot tre hovudområde:

- Lokalsamfunn
- Oppvekstmiljø
- Læringsmiljø

Kvart av desse områda har eit hovudmål og stoppunkt knytt til dette. Både i barnehagar og skular er det mange lover, forskrifter, lover og planar som skal sikra både born og unge sine rettar og kvaliteten på opplæringa. I denne kvalitetsplanen er stoppunkta rett og slett "stader" ein skal stoppa opp, sjå seg attende, finna ut "korleis landet ligg" og planleggja vegen vidare.

Kvalitetsplanen legg ikkje opp til at det skal koma heilt nye satsingar. Den vil ta utgangspunkt i "kvardagane" og leggja til rette for arbeid med kvalitetssøyfer som sikrar jamt fokus på særskilt viktige område.

Stoppunkta markerer område som skal følgjast tett opp i det daglege arbeidet. Til kvart stoppunkt er det sett opp mål. Deretter følgjer ei kort omtale av kva stoppunktet inneber. For å nå måla er det ein føresetnad at einingane arbeider som lærande organisasjonar og arbeider systematisk og målretta for å få best mogeleg resultat. Til dette arbeidet er det skissert prosedyrar. Desse skal fungera som kvalitetssøyfer og vera område som ein stadig kjem tilbake til.

Alle desse dagane som kom og gjekk, ikkje visste eg at dei var sjølve livet.

(ukjent)

Livet må levast forlengs og forståast baklengs.

Søren Kierkegaard

I prosedyrane inngår desse delane:

- Førebuing - kva som er innarbeidd "kvardagane"
- Gjennomføring - kva som skal gjennomførast og målast
- Resultat - kva har ein oppnådd
- Evaluering - analyse
- Tiltak - kva konkret følgjer ein opp med

Stoppunkta er knytte til tre område: Lokalsamfunn, oppvekstmiljø og læringsmiljø. Alle tre områda krev samhandling på tvers av einingar og innanfor kvar eining.

Lokalsamfunnet inneber satsing på å byggja opp og ta vare på gode arenaer, som er med på å sikra at born og unge vert danna og utdanna. Fokus på oppvekstmiljøet handlar om samspel og det å byggja opp eit godt psykososialt miljø. Læringsmiljø er knytt til miljø i skular og barnehagar med fokus på å utvikla meistring både fagleg og sosialt. Det skal sikra gode system og mellom anna byggja opp ein progresjon for kva ein kan forventa ut frå alder og årstrinn.

Følgjande stoppunkt er valde ut:

- **Lokalsamfunn**
 - Møteplassar for samhandling og kommunikasjon
 - Biblioteket – ein arena for danning og utdanning
- **Oppvekstmiljø**
 - Foreldrerolla
 - Fysisk fostring, kosthald og helse
 - Overgangar
- **Læringsmiljø**
 - Læringsmiljø
 - Samarbeid med heimen
 - Språkutvikling
 - Grunnleggjande ferdigheiter
 - Nasjonale prøvar
 - Eksamensresultat
 - Nasjonale kartleggingar
 - Digital kompetanse – og danning
 - Symjeferdigheit



5.2 Lokalsamfunnet

Vi vil skapa eit trygt lokalsamfunn der alle born vert danna og utdanna

Ein heiskapeleg, førebyggjande innsats for born og unge må forankrast i lokal-samfunnet. I den samanhengen vert det viktig at ein har klart for seg kva ein ønskjer å oppnå med eit samarbeid med frivillige lag og organisasjonar samt einskild-personar.

Born og unge kan ikkje sjåast på som lausrivne frå omgjevnadene. Dei utviklar seg gjennom relasjonar og i samspel med føresette, familie, kameratar og andre vaksne.

Vi må leggja til rette for at born og unge kan møtast på ulike arenaer, der vaksne og born møtest og samhandlar. Vaksne må vera tydelege og engasjerte i møte med born og unge, setja grenser og gje tilkjenne dei felles verdiane; anerkjenning, meistring og tryggleik. Vi må byggja på kompetanse som finst i lokalsamfunnet, og nyttiggjera oss den til beste for fellesskapet.

Os kulturskule er ein viktig bidragsytar for satsing på det estetiske språket og faget gjennom musikk, rytme, dans og visuell kunst. Gjennom forskning er det vist at å delta i slike aktivitetar også kan få positiv ringverknad på resultat i teoretiske fag. I tillegg har sjølvstøtt det estetiske språket og faget ein eigenverdi. Dette kan vera eit område der fleire born og unge opplever størst meistring. Born og unge sine kreative evner vert stimulerte – og desse evnene kan haldast ved like og utviklast vidare på andre arenaer i fritida.

Eit lokalsamfunn som spelar på lag og samstundes har høg kompetanse på fagfeltet, er grunnleggjande for å lukkast i det førebyggjande og byggjande arbeidet blant born og unge i Os-bygda.



Dei ulike arenaene må vera tydelege ut mot lokalsamfunnet kva dei vil at innbyggjarane skal hjelpa til med.

Eit mangfald av sosiale og kulturelle aktivitetar til born og unge er viktig for å inkludera alle i eit fellesskap, der dei kan utvikla evner og talent.



Skulane skal i følge Læringsplakaten leggja til rette for at lokalsamfunnet vert involvert i opplæringa på ein meningsfylt måte. Den skal gjera bruk av ressursar som ligg i nærmiljøet og vera eit ressurs- og kultursenter for lokalsamfunnet. Skulane skal vera lokale nærmiljøanlegg og kunna nyttast på ettermiddags- og kveldstid av til dømes kulturskule samt lokale lag og foreningar. Dette er særskilt omtala i Skulebruksplanen for Os kommune 2010-2020 om Skulen som nærmiljøanlegg kapittel 1.1.5



Møteplassar for kommunikasjon og samhandling

Stoppunkt

5.2.1 Møteplassar for kommunikasjon og samhandling

5.2.1.1 Mål

- **Vi skaper møteplassar der kommunikasjon og samhandling til beste for born og unge er i fokus.**

5.2.1.2 Om møteplassar for kommunikasjon og samhandling

Ved å setja born og unge i sentrum – og bruka mange innfallsvinklar – ønskjer ein å leggja til rette for ein god oppvekst og at alle skal få oppleve ein god barndom.

For å skapa god samhandling mellom tenestene, må det leggjast til rette for møteplassar som sikrar god kommunikasjon innanfor og på tvers av ulike tenesteområde - og på andre arenaer der born og unge deltek. Initiativ til slike møteplassar kan koma frå fleire hald. Nokre er sikra gjennom faste møtetidspunkt, medan andre kan verta nytta ut frå eit behov der og då.

Møteplassane skal visa:

- Ein organisasjon prega av overskot og at vi er rause mot kvarandre.
- Ein organisasjon der omgangsforma er prega av godt humør og ein tryggleik om at vi vil kvarandre vel.
- Konstruktive, tøffe, varme og engasjerte diskusjonar i heile organisasjonen, der vi veit at vi til slutt må samlast om felles overordna mål.
- Ein organisasjon som har evne og vilje til å levera.

5.2.1.3 Førebuing

- Diverse førebuingararbeid, t.d. innkalling, sakliste, sakspapir, dokumentasjon, samla informasjon, referat.
- Setja av tidspunkt for møta.
- For møte skal det skrivast møtereferat med minimum agenda og der tittel / deltakarar er dokumenterte.

5.2.1.4 Gjennomføring

- Gjennomføring av møte vist i tabellar under.

5.2.1.5 Resultat

- Tilfredsstillande tal møteplassar som sikrar kommunikasjon og samhandling til beste for born og unge.

5.2.1.6 Evaluering

- Årleg tilbakemelding frå einingane - i Oppvekstforum
 - Ei vurdering av om behovet for møteplassar er dekkja - samt framlegg til endringar eller nye møteplassar.

5.2.1.7 Tiltak kan omfatta

- Nye møteplassar
- Justering av innarbeidde møteplassar
- Endring i talet på møte

Tabellene på dei neste sidene viser faste møteplassar for kommunikasjon og samhandling. Desse møteplassane skal vera med på å sikra gode system for at ein på ulike nivå har god dialog og samhandlar til beste for born og unge i kommunen:

Eining/Møte med kven	Kor ofte
Oppvekst og kultur	
Møte med KFU - kommunalsjef	10 gonger i året
Møte mellom rådmann og einingsleiarar	3 gonger i året
Møte mellom kommunalsjef og einingsleiarar	10 gonger i året
Møte i Oppvekstforum	7 gonger i året
Møte i Os tenesteutval	6 gonger i året

PPT	
Born med tospråkleg bakgrunn: Helsesøster tilviser til PPT dei borna det er bekymring kring språkleg utvikling	Ved behov
Januar før oppstart i 1. , 5. og 7. årstrinn : Sakkunnig vurdering av born med behov for tilrettelegging Januar 10. årstrinn: Frist vurdering av særskiltsøkjarar til vidaregåande skule	1 gong i året
PPT: Overgangsmøte med barneskule – ungdomsskule	Kvart år
Nettverksmøte med spes.ped. koordinatarar i skule	4 gonger i året
Nettverksmøte med spes.ped. koordinatarar i barnehage	4 gonger i året
Samarbeidsfora med lege, helsesøster, representant frå barnevernstenesta, PPT og skule	Ved behov
Møte mellom kontaktperson frå PPT og skule	Etter behov – minst ein gong i halvåret
Haustmøte på kvar skule	Kvart år

Førebyggjande helsetenester	
Samarbeid knytt til 4-årskontroll mellom helsestasjon - barnehage. Born med tospråkleg bakgrunn. Helsesøster tilviser til PPT dei borna det er bekymring kring språkleg utvikling	Kvart år Ved behov
Tverrfagleg møte på dei større skulane	2 om hausten og 3 om våren
Legemøte	Kvart år
Møte med Tannhelsetenesta	Kvart år
Avdelingsmøte: leiar - helsesøster – jordmor – psykolog	Kvar veke
Fagdagar for avdelinga	2 gonger i året
Helsesøster – kontaktlærer for bestemte alderstrinn	Kvart år
Ansvarsgruppemøte	Ved behov
Oppsummeringsmøte: Helsestasjon – logoped – lågterskeltilbod	Kvart år
Fagleg rettleiing – BUP	Annakvar månad
Helsesøster – foreldremøte på skulane	Kvart år på 1.og 8. årstrinn

Kultur	
Møte med alle idrettslag på årsmøte	Kvart år
Deltaking på møte i Idrettsrådet	4 gonger i året
Kulturskolen – Foreldremøte	Kvart år
Kulturskolen – Møte i foreldreutvalet	Kvart år
Fellesmøte med lag og organisasjonar for born og unge i Os	Kvar haust Start haust 2011
Deltaking på foreldremøte I. trinn med orientering om kulturtilbodet i kommunen og friluftsområde	Kvar vår
Møte med MOT	Eigen plan

Skular	
Møte i styret for skulen - SU	5 gonger i året (2+3)
Møte i FAU - rektor	5 gonger i året
Møte i skulemiljøutval	2 gonger i året
Elevrådsmøte	10 gonger i året
Klassekontaktmøte – rektor og kontaktlærarar	Kvart halvår
Møte med klassekontaktar – kontaktlærar(ar) på årstrinn	Minst ein gong i året
Foreldremøte	Kvart halvår
Utviklingsamtalar mellom kontaktlærar og føresette/elev	Kvart halvår
Elevsamtalar	Kvart halvår
Møte som gjeld samarbeid om spesielle arrangement, t.d. 17. mai	Kvart år
Haustmøte med PPT	Kvart år
Møte med skulen sin kontaktperson for PPT	Ved behov
Andre tverretatlege møte	Ved behov

Barnehagar	
Barnesamtalar	Gjennom året
Foreldresamtalar	2 gonger i året
Foreldremøte	2 gonger i året
Foreldrerådsmøte	Kva eining avgjer
Møte i SAU (samarbeidsutval)	Kvar eining avgjer
Pedagogisk leiar - møte	1 gong i veka
Avdelingsmøte	1 gong i veka
Spes.ped. koordinatormøte	2 gonger i halvåret
IUP-møte	2 gonger i året
Møte med kontaktperson frå PPT	Kvart år
Overføringssamtalar og møte med skulen i samband med skulestart	Kvar vår
Andre tverretatlege møte	Ved behov



Biblioteket - ein arena for danning og utdanning

Stoppunkt

5.2.2 Biblioteket - ein arena for danning og utdanning

5.2.2.1 Mål

- **Biblioteket er ein arena for å skapa leseglede og for å tileigna seg kunnskap.**
- **Biblioteket fungerer som samlingsstad på tvers av alder og generasjonar.**

5.2.2.2 Om biblioteket – ein arena for danning og utdanning

Biblioteket som sosial møteplass og fritidsarena er viktig for mange born og unge. Det kan spela ei særleg rolle i arbeidet med å stimulera born og unge si leselest, språkmeistring og samfunnsdeltaking. I biblioteket skal alle kunna finna stoff til sjølvutvikling, livslang læring og støtte til formell utdanning.

For at flest moglege born og unge i kommunen skal dra nytte av tilbodet frå folkebiblioteket, vert det viktig å informera både born og føresette om litteratur og lesing også på andre arenaer der born og unge held til, til dømes i skular og barnehagar. Plan for samarbeidet mellom skulebiblioteka og Os folkebibliotek inneheld tiltak som gjeld både elevar, føresette og skulebibliotekarane.

Det er lovfesta at det skal vera eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka. I Os kommune har vi eigen samarbeidsavtale. Gode skulebibliotek i kommunen føreset tett samarbeid med folkebiblioteket. Tilfanget av litteratur og andre kjelder til kunnskap og oppleving er så stort, at eit enkelt skulebibliotek aldri kan vera sjølvforsynt.

Os folkebibliotek skal:

- vera eit lokalt senter for informasjon, kunnskap, kultur og kommunikasjon.
- sikra alle fri og lik tilgang til offentleg og annan informasjon.
- tilby kulturelle og kunstnarlege opplevingar ved å stilla litteratur og andre media til rådvelde, og ved utstillingar og arrangement.
- vera ein møteplass og ein fristad for trivnad, rekreasjon og kommunikasjon.

5.2.2.3 Førebuing

- Biblioteket er ope kvardagar; totalt 42 timar pr. veke (frå haust 2011).
- Biblioteket tilbyr born og unge eit breitt og aktuelt utval av bøker, lydbøker/filmar, tidsskrift, teikneseriar, oppslagsverk og aviser.
- Biblioteket tilbyr born og unge tilgang til datamaskiner med internett.
- Biblioteket fungerer som ei "daglegstove" for born og unge på tvers av alder – og på tvers av generasjonar.
- Biblioteket sine lokale kan brukast som møtestad for lokale lag og organisasjonar.
- Biblioteket rettleiar born og unge i val av litteratur til fritidslesing og til bruk i studiar - einskildvis eller i grupper.
- Biblioteket er ein arena for utstillingar laga av born og unge.
- Biblioteket er ein arena for kulturaktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar.
- Biblioteket gjennomfører tiltak i tråd med vedteken samarbeidsplan folkebibliotek – skulebibliotek.
- Biblioteket kan delta med bokprat og leseinspirasjon på foreldremøte og personalsamlingar.
- Tilsette i skular, barnehagar og førebyggjande helsetenester oppfordrar born og unge – og føresette - til å nytta biblioteket.

5.2.2.4 Gjennomføring

- Årleg statistikk for folkebibliotek og skulebibliotek rapporterast til Nasjonalbiblioteket.

5.2.2.5 Resultat

- Flest mogleg born og unge har nytte og glede av biblioteket.

5.2.2.6 Evaluering

- Årleg gjennomgang av aktivitet og ressursbruk.
- Vurdera utvikling i høve til:
 - Utlån på folkebiblioteket og skulebiblioteka
 - Talet på besøk på folkebiblioteket

5.2.2.7 Tiltak kan omfatta

- Endring i /nye aktivitetar som fører til auke i besøkstal og som vil auka leselyst og leseglede blant born og unge.

En time med Arne Næss

Kunnskapsformene forandrer seg hele tiden. En lege ville kanskje bli fengslet i dag for å anvende kunnskap som han lærte seg som student. Det samme kan vi tenke oss ti år inn i fremtiden. Likevel får akademisk kunnskap lett en uforholdsmessig høy status.

Dette henger sammen med eksamensformene – formalkunnskap kan testes, noe du ikke kan gjøre på samme måte med kjennskap og modenhet, med kroppens egevitener eller oppkomme av ideer. Hvis lærestedene var mer rettet mot slike former for innsikt, ville det bety "avlæring" av en god del kunnskap.

Kunnskap er noe vi stadig trenger å bli kvitt, mens kjennskap er noe som forener seg med oss på en annen og mer naturlig måte.



Tidleg innsats er eit svært viktig prinsipp for god førebygging, og inneber at utfordringar vert tekne fatt i så tidleg som mogleg.

Tidleg tverrfagleg og kontinuerleg førebyggjande innsats skal sikra at så mange born og unge som mogleg, har eit godt utgangspunkt for optimal utvikling, læring, meistring og livskvalitet.

Eit godt samarbeid og god dialog med føresette er heilt avgjerande i denne samanhengen.

5.3 Oppvekstmiljø

Oppvekstmiljøet skal vera prega av samhandling og trivsel.

Dei erfaringar som born og unge får i heimen, barnehagen, skulen og på andre arenaer, vil ha konsekvensar for korleis dei ser på seg sjølve, det håpet dei har for framtida og kva for mogelegheit er dei har seinare i livet. Difor er det viktig å hindra mistilpassing og tilkortkoming i barnehage og skule – og på andre arenaer som born og unge deltek.

Det at born og unge får høve til å utvikla seg og meistra, utvikla sjølvtiliten og forma ein positiv identitet, er heilt sentralt i det byggjande og førebyggjande arbeidet.

Det må vera spesielt fokus på å unngå mobbing på alle arenaer der born og unge deltek. Skulane skal ha tydeleg plan for korleis dei arbeider for å førebyggja mobbing – og kva tiltak som vert sette i verk når det er mistanke om mobbing. Føresette skal vera informerte om kva planane inneber.

I tillegg må det vera eit godt fungerande tenesteapparat som kan sikra born og unge med spesielle behov, rett hjelp til rett tid. Fordi saker rundt born ofte er samansette, vil dei i mange høve ha behov for tiltak og tenester frå fleire instansar. Ein føresetnad for å lukkast er difor eit godt tverrfagleg og tverretatleg samarbeid. Førebyggjande helsetenester, PPT og Barnevernstenesta skal saman med skular og barnehagar bidra til at born og unge får ein god oppvekst. Førebyggjande tenester skal vera eit lågtterskeltilbod. For at kommunen skal fatta enkeltvedtak, må det føreliggja sakkunnig uttale frå PPT.

Barnevernstenesta har som si spesielle oppgåve å ta vare på dei mest utsette borna. Det skal beskytta born mot omsorgssvikt og motverka at born lir fysisk og psykisk overlast. Som regel er det best for borna å veksa opp i sin eigen heim. Barnevernet skal difor alltid først vurdere om det er mogleg å hjelpa familien til å fungera betre ved tiltak i heimen. Barnevernstenesta vert i barnevernslova oppmoda om å samarbeida med frivillige organisasjonar som arbeider med born og unge.



Stoppunkt

Foreldrerolla

5.3.1 Foreldrerolla

5.3.1.1 Mål

- **Foreldre og barn skal ha informasjon om tilbodet ved helsestasjonen og skulehelsetenesta.**
- **Foreldra skal fungera godt som omsorgspersonar og vera ansvarlege for danninga.**
- **Foreldre skal føla seg trygge i å rettleia borna sine.**
- **Foreldre skal vera engasjerte i livet til borna sine.**

5.3.1.2 Om foreldrerolla

Foreldra er dei viktigaste personane i borna sine liv. Det er avgjerande for born si helse og utvikling at foreldra får god hjelp og støtte i sitt langvarige og utfordrande oppdrag som omsorgspersonar.

Førebuing til foreldrerolla byrjar allereie i svangerskapet. Jordmor på helsestasjonen tilbyr svangerskapsomsorg til dei gravide, og helsestasjonen tilbyr foreldreførebuande kurs. Denne oppfølginga er meint til å gje foreldra auka meistring i den komande rolla.

Foreldrerettleiing er relatert alderen til barnet samt til utvikling og behov hos foreldre og barn. Vi ønskjer å vera med på å gje born, unge og føresette grunnleggjande kunnskap om korleis dei kan ta ansvar for si eiga omsorg opp gjennom oppveksten. Målet er at dei skal verta velfungerande vaksne som tek vare på seg sjølve og andre, både fysisk og psykisk. Dette krev kontakt med barnefamiliar over tid. God støtte til barnefamiliar i dei første åra har mykje å seia for vidare utvikling. Helsestasjonen gjev tilbod om samtalar kring psykisk helse.

Helsestasjonen tilbyr heimebesøk til familiar med nyfødde born. Det gjev gode høve for helsesøster å verta kjent med familien på ein arena der det er lettare å oppnå kontakt. Ein får observert samspel og ferdigheiter i vante omgjevnader. Dette gjev ofte ein betre innfallsvinkel til det vidare samarbeidet mellom helsestasjon og familiare. Mange par får problem

Helsestasjonen tilbyr minimum ni konsultasjonar første leveår og fem konsultasjonar frå 1-5 år.

Gjennom å skapa eit tillitsforhold til familiane og vera lett tilgjengelege, skaper ein grunnlaget for eit godt samarbeid.

Det er viktig at helsestasjonstenesta vert oppfatta som eit trygg stad å opna seg og at det ikkje vert oppfatta som kontrollerande.

Det gjev tenesta høve til å formidla viktig kunnskap og verta brukt som rådgjevarar.

i samlivet etter at dei har fått barn saman. Høgt konfliktnivå og samlivsbrot kan gå ut over tryggleiken i borna sin kvardag.

God informasjon til foreldre med born i skulen er eit viktig førebyggjande tiltak. Helsesøster treffer alle elevane seks gonger i løpet av grunnskulen. Av desse er foreldra med ein gong. Helsesøster kan kommunisera med foreldra gjennom skriv, foreldremøte og vera tilgjengeleg fysisk eller gjennom telefon på godt formidla stad og tidsrom.

Foreldre kan også venda seg til PPT med spørsmål kring barnet si sosiale, faglege eller psykiske utvikling. PPT samarbeider med skule/barnehage når det er naturleg. Barnevernstenesta kan i forlenging av dette bidra med fagkompetanse i høve til foreldre/føresette si omsorgsrolle. Tenesta sitt tiltak

kan vera kurs i foreldrerettleiing og rettleiing i heimen.

Barnehagane og skulane gjennomfører foreldremøte der tema kring foreldra si viktige rolle i høve borna si faglege og sosiale utvikling vert sett fokus på. Skulane arrangerer møte innan ulike fagområde, som gjev informasjon og rettleiing til foreldre. Dette kan til dømes gjelda foreldra si rolle i høve borna si lese- og skriveutvikling.

5.3.1.3 Førebuing

- Førebyggjande helsetenester er synlege for innbyggjarane via informasjon på nettside til Os kommune og via direkte kontakt med føresette og andre tenester ein samhandlar med.
- Rutinar sikrar registrering av nyfødde.
- Registrering av dei som er flytta inn i kommunen i alderen 0-5 år.

5.3.1.4 Gjennomføring

- Svangerskapsomsorg.
- Kurs for førstegangforeldre.
- Helsestasjonen sitt tilbod – minimum 13 - 15 konsultasjonar dei første 5 åra.
- Støttesamtalar ved behov.
- Foreldrerettleiing.

5.3.1.5 Resultat

- Foreldre opplever meistring og fungerer i rolla si som føresette.
- Foreldre opplever god hjelp og støtte frå dei ulike einingane i Os kommune.

5.3.1.6 Evaluering

- Jamlege diskusjonar på fagdagar om innsatsen er god nok og fører fram.

5.3.1.7 Tiltak kan omfatta

- Brukarundersøking.





Fysisk fostring, kosthald og helse

Stoppunkt

5.3.2 Fysisk fostring, kosthald og helse

5.3.2.1 Mål

- **Born og unge er vaksinert etter barnevaksinasjonsprogrammet.**
- **Informera foreldre og verka til at born og unge veit kva sunt kosthald inneber og vert oppmoda til sunt kosthald.**
- **Informera foreldre og verka til at born og unge har gode søvnrutinar.**
- **Gjera born og unge glade i å vera fysisk aktive i fritida - gjennom foreldre og skule/barnehage – slik at dei brukar kroppen sin kvar dag.**
- **Born og unge har lyst til å leva.**

5.3.2.2 Om fysisk fostring, kosthald og helse

Det er ein positiv samanheng mellom riktig kosthald, fysisk aktivitet og psykisk velver. Dette visar seg å verke inn på læringsevna til born og unge. Fysisk aktivitet stimulerer born og unge si sjølvtilitt, sjølvrespekt og er ei kjelde til helse og trivsel. Regelmessige måltid, søvn og fysisk aktivitet har stor betydning for helsa både i oppveksten og seinare i livet ved å motverka ei rekke sjukdomstilstandar og plager. Gode rutinar på dette området styrkjer meistringa i kvardagen.

Helsestyresmaktene tilrår at born i skulealder bør vera i aktivitet minst 60 minutt kvar dag. Aktiviteten bør vera variert og inkludera både moderat og høg intensitet. Mange kan bidra til å gje born og unge ein aktiv kvardag. Born ser ut til å arva foreldra sine vaner når det gjeld fysisk aktivitet og kostvanar. Kosthaldsrettleggning og motorisk utvikling er eit gjennomgåande tema på helsestasjonen dei første åra for at oppvekstmiljøet til barnet skal ha kunnskap om ei god utvikling for barnet. Vidare har barnehagar ei viktig rolle for å leggja til rette for dagleg fysisk aktivitet. I skulen er det ei utfordring å inkludera fysisk aktivitet, ikkje berre knytt til kroppsøvingstimar, men i skuledagen elles og. Mange born og unge er aktive i idrettslag og trenar fleire gonger i veka. For å halda dei aktive lengst mogeleg i til dømes idrettslaga, er eit breitt tilbod avgjerande - samt det sosiale fellesskapet ein klarar å byggja opp i gruppene.

5.3.2.3 Førebuing

- Helsestasjons- og skulehelsetenesta har til ei kvar tid oversikt over helsetilstanden til born og unge i kommunen.
- Førebyggjande helseteneste har gode rutinar for å vita om born som er født og familiar som flyttar til kommunen.
- Foreldre vert informert om amming og sunt levesett.
 - Jordmor formidlar kor viktig det er med fysisk fostring og kosthald i svangerskapet.
 - Helsesøster gjev aldersadekvat informasjon på helsestasjon og skulehelsetenesta.
- Alle einingar samarbeider om å bidra til å sikra at flest mogeleg born og unge har ei god fysisk og psykisk utvikling.
- Foreldre og barn vert støtta av helsesøster, skule/barnehage og føresette til å ha ein helsefremjande livstil. Ved fysiske eller psykiske behov vert det sett av tid til oppfølging av dei som treng ekstra oppfølging/støtte.
- Foreldre, born og unge har oversikt over tilbod som gjeld fysisk fostring og stader for leik/leikeplassar i kommunen.
- Helsesøstrer og andre i fag- og støttetjenester kjenner lokalmiljøet og kva mogelegheiter som finst for fysisk fostring/aktivitetar.
- Skular og barnehagar har plan/årshjul som viser korleis dei satsar på fysisk fostring, kosthald og helse.
- Born vert oppfordra av skule/barnehage og føresette om å delta på fysiske aktivitetar.



5.3.2.4 Gjennomføring

- Førebyggjande helseteneste kallar inn alle born og unge til faste helseundersøkingar og rettleiingssamtalar.
- Høgde og vekt vert registrert på alle konsultasjonar i programmet. Spesielt fokus i denne planen skal vera på tre månader (talet som fullammar) og 4 år, 2. klasse og 9. klasse.
- Skulane og barnehagane gjennomfører plan/årshjul for satsing på fysisk fostring, kosthald og helse.

5.3.2.5 Resultat

- Flest moglege born og unge i skulealder deltek på fysisk aktivitet i fritida.
- Alle barnefamiliar nyttar helsestasjonen sitt tilbod.
- Barnefamiliar vel ein helse fremjande livsstil.

5.3.2.6 Evaluering

- Skulane og barnehagane og førebyggjande helsetenester evaluerer kvart år kva tiltak som kan setjast i verk for å auka den fysiske aktiviteten i kvardagen til born og unge.
- Skulane og barnehagane og førebyggjande helsetenester evaluerer kvart år kva tiltak som kan setjast i verk for å setja stør fokus på kosthald og helse i kvardagen.
- Evaluera tilbodet i takt med nasjonale føringar, behovet i kommunen og tilgjengelege ressursar.

5.3.2.7 Tiltak kan omfatte

- Å oppretta nærare samarbeid med frivillige organisasjonar.
- Invitera frivillige organisasjonar til å fortelja om aktivitetane sine.
- Tettare samarbeid med helsesøster.
- Tilby ekstra konsultasjonar.
- Tilbod om samtalegrupper knytt til periodar med psykiske belastningar.
- Nye tilbod til dei som fell utanfor eksisterande tilbod frå frivillige lag og organisasjonar.
- Førebygging av overvekt. Tilby djupare kartlegging/oppfølging av helsesøster/fastlegar med endringsfokusert rådgjeving.
- Tilvisa vidare til fastlege.

Alle barn og unge skal oppleve gode overgangar der ein sikrar kontinuitet og heilskap i opplæringa og oppfølginga.

Dette vil gjelda mellom:

- barnehage og skule
- barneskule og ungdomsskule
- ungdomsskule og vidaregåande skule
- helsestasjon og skulehelseteneste på barnetrinnet
- skulehelsetenesta på barne trinnet og ungdomstrinnet
- barnehagar i kommunen
- skular i kommunen
- skular i andre kommunar



Stoppunkt

Overgangar

5.3.3 Overgangar

5.3.3.1 Mål

- **Alle born og unge skal oppleve gode overgangar der ein sikrar kontinuitet og heilskap i opplæringa og oppfølginga.**
- **Sikra at flyten i utviklinga som barnet/den unge er i, ikkje stoppar opp.**
- **Setja mottakande eining i stand til å leggja til rette for god opplæring for den einskilde.**

5.3.3.2 Om overgangar

Det er utarbeidd ein eigen plan som skal sikra gode overgangar: "Overgangsplan for barnehagar og skular i Os kommune".

Prinsipp for overgangar skal vera:

- Informasjon skal gå frå pedagogen som kjenner barnet/eleven til mottakande pedagog.
- Pedagogar i avleverande og mottakande eining skal sikrast gjensidig kjennskap til innhald og metodar i opplæringa.

Førebyggjande helseteneste er organisert i distrikt for å ivareta betre overgangar mellom helsestasjon og skulehelseteneste. Dette gjer at foreldre og helsesøster kjenner kvarandre etter fleire års oppfølging på helsestasjonen. For nokre familiar er det ein tryggleik i overgangen til samarbeid med skule.

5.3.3.3 Førebuing

- Føresette, born og unge vert informerte kva som vert gjort for å skapa gode overgangar.
- Born og unge får vitja den nye skulen/barnehagen dei skal ta til på.
- Kvar skule og barnehage set av tid til aktivitetane i overgangsplanen; dvs. legg dei inn i årshjul eller liknande.
- Det vert gjennomført overgangsamtar som er baserte på utvikling og vekst for den einskilde.
- Overgangsamtalane vert godt førebudd i både avleverande og mottakande eining.
- PPT deltek på overgangssamtalen i høve born med særskilde behov.
- Helsesøster møter kvarandre for å sikra overføring av viktig informasjon.
- Helsesøster, PPT og Barnevernstenesta får informasjon når elevar skiftar barnehage eller skule.

5.3.3.4 Gjennomføring

- Skular/barnehagar loggfører gjennomføring av tiltaka, dvs. viser til tidspunkt dei er gjennomførte.

5.3.3.5 Resultat

- Tiltaka i overgangsplanen er gjennomførte.

5.3.3.6 Evaluering

- Den einskilde eining evaluerer arbeidet kring overgangar og melder tilbake erfaringar til skular/barnehagar ein samarbeider med.
- Oppvekstforum set av tid kvart år til å diskutera om tiltaka fungerer tilfredsstillande i høve til måla, føringar og intensjonar i overgangsplanen.

5.3.3.7 Tiltak kan omfatta

- Erfaringar som er knytte til førebuingsarbeidet.
- Dialog med elevar og føresette om overgangen, t.d. på elevsamtalar eller på foreldremøte(1. trinn, 7./8. og ev.10.års trinn). Førebyggjande helsetenester og PPT kan vera ein viktig samarbeidspart på desse møta.
- Gje innspel til justering av "Overgangsplan for barnehagar og skular" i Oppvekstforum.

“Fra Valkyriene”

En mester og hans disippel gikk sammen i ørkenen, og mesteren fortalte at de alltid kunne stole på Gud, for Han hadde kontroll over alt. Natten kom og de bestemte seg for å slå leir. Mesteren satte opp teltet, og disippelen fikk i oppgave å binde hestene til en stein. Men da han kom til steinen, tenkte han for seg selv: - Mesteren har satt meg på prøve. Han sa at Gud passer på alt, og ba meg om å binde hestene. Han ville se om jeg tror eller ikke på Gud. Så i stedet for å binde dyrene, ba han en lang bønn og overlot hestenes skjebne til Gud.

*Dagen etter, da de våknet, var hestene borte. Disippelen var skuffet og beklaget seg til mesteren sin, og sa at han hadde mistet troen, for Gud passet ikke på alt, han hadde jo glemt å passe på hestene.
- Du tar feil, svarte mesteren. - Gud ville passe på hestene. Men for å gjøre det, måtte han bruke hendene dine til å binde dem til steinen.*

Paulo Coelho

5.4 Læringsmiljø

Vi vil skapa eit læringsmiljø som rommar mangfaldet og har blikk for den einskilde.

Å utvikla og oppretthalda gode læringsmiljø beskyttar effektivt mot problemutvikling hos born og unge. Evner og identitet vert utvikla i samspel med andre. Born og unge vert forma av omgjevnadene sine, samstundes som dei skal vera med på å forma desse.

Det er ikkje alt som tel som kan teljast, vert det sagt. I denne kvalitetsplanen ønskjer ein å setja fokus på at skular og barnehagar må byggja opp ein dynamisk kartleggingstradisjon. Det vil mellom anna innebera at merksemda vert dreia frå dimensjonen "kan - kan ikkje", til samspel og situasjonar som ser ut til å leia mot meistring. I denne tradisjonen ønskjer ein å finna kva slag – og kor mykje – støtte born treng for å løysa ulike utfordringar. Denne dynamiske kartleggingstradisjonen plasserer seg i skjæringspunktet mellom observasjon og undervisning. Inntrykk vert samla over tid, frå ulike situasjonar og arbeid med ulike oppgåver.

I skulane vert det kvart år gjennomført både kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar. Desse er normerte. Det vil seia at dei skal gjennomførast til fastsette tider og på bestemte måtar. Slik vert det mogeleg å samanstillast ferdigheitsnivået til elevane med normer for kva elevar vanlegvis meistrar på ulike trinn. Men ein prøve vil alltid vera augneblinksbilete og må difor supplerast med annan informasjon om borna sine ferdigheiter og utviklingspotensiale.

PPT arbeider for å auka kunnskapen om og forståinga for born med spesielle behov gjennom rettleiing kring enkeltbarn og faste møte med skule/barnehage. Målet er å heve kompetansen kring born med spesielle behov og bidra til ei utvikling av gode system i skular og barnehagar som fører til at skulen fangar opp og ivaretek desse borna på best mogeleg vis.

PPT deltek i utviklingsarbeid på kommunenivå for å utvikla tenlege arbeidsreiskapar for skule og barnehage. Det er faste, faglege møte med spesialpedagogiske koordinatorar. For tida tilbyr fagtenesta, i samarbeid med Lillegården kompetansesenter, rettleiing/undervisning i programma LP(læringsmiljø og pedagogisk analyse). I tillegg tilbyr PPT og Førebyggjande helsetenester innføring i DUÅ (Dei utrulege åra). Begge programma er retta mot å utvikla gode læringsmiljø/oppvekstmiljø for born.

Livet skal leves - ikke beskrives

Nils Kjær



Stoppunkt

Læringsmiljø

5.4.1 Læringsmiljø

5.4.1.1 Mål

- **Vi skaper læringsmiljø der born og unge trivst og opplever meistring.**

5.4.1.2 Om læringsmiljø - Elevundersøkinga

Skulane og barnehagane arbeider kontinuerleg med å skapa gode læringsmiljø, dette i nært samarbeid med både born og foreldre. I tillegg deltek PPT i utviklings- og systemretta arbeid, ved blant anna rettleiing til alle tilsette på kvar skule, for å auka kompetansen og utvikla tenlege arbeidsreiskap for skulen og barnehagen.

Elevundersøkinga skal gjennomførast på 7. og 10. trinn og er laga av Utdanningsdirektoratet (Udir). Den kan også gjennomførast på 5., 6., 8. og 9. trinn. Det er ei nettbasert undersøking der elevar får seia meininga si om tilhøve som er viktige for å læra og trivast på skulen. Resultata skal nyttast av skular og skuleeigar som ei hjelp til å analysa og utvikla læringsmiljøet.

Kjenneteikn på gode læringsmiljø i skulen inneber fokus på:

- *Relasjonar lærar – elev*
- *Relasjonar mellom jamaldringar*
- *Normer og reglar*
- *Skuleleiing*
- *Læraren som leiar*
- *Skulen sin kultur og klima*
- *Engasjement, motivasjon og arbeidsinnsats*
- *Samarbeid mellom heim og skule*

5.4.1.3 Førebuing

- Skulen har aktivitetar og tiltak som fremjar helse, trivsel og læring.
- Skulen har gode daglege rutinar for elevane.
- Skulen har faste rutinar for konfliktløyning i skulekvardagen.
- Elevar og elevråd er aktive deltakarar i arbeidet med læringsmiljø.
- Foreldre er aktive deltakarar i arbeidet med læringsmiljø.

I Elevundersøkinga skal elevane ta stilling til spørsmål knytt til delområda under – i tillegg er det ein del spørsmål som skulane sjølve kan velja om dei vil nytta:

- Sosial trivsel
- Trivsel med lærarane
- Meistring
- Fagleg utfordring
- Elevdemokrati
- Fysisk læringsmiljø
- Mobbing på skulen
- Motivasjon
- Fagleg rettleiing
- Medræderett
- Karriererettleiing (10. trinn)

Undersøkinga vert gjennomført i perioden februar til april.

Det er i tillegg utarbeidd undersøkingar for lærarar(digital) og for føresette (papirutgåve).

Skulane skal med visse mellomrom, også ta desse i bruk for å samanstilla informasjon mellom gruppene. Det vil gje eit større ”bilette” å tenkja utvikling frå.

5.4.1.7 Tiltak kan omfatta

- Erfaringar som er knytte til førebuingsarbeidet.
- Evaluering eller justering av skulen sine planar i høve arbeidet med læringsmiljø.
- Ei vurdering av kva ressursar/innsats som trengst for å gjennomføra tiltaka.

5.4.1.4 Gjennomføring

- Lærar nyttar Udir sine føringar og rettleiingar for gjennomføring av Elevundersøkinga.
- Lærar går gjennom spørsmåla med elevane før dei gjennomfører Elevundersøkinga, slik at ord og omgrep er kjende og forståelege.
- Kvar skule set seg mål for kva resultat ein vil oppnå.

5.4.1.5 Evaluering

- Kort tid etter gjennomføringa, må leiing i samarbeid med lærarane analysere resultatet og koma med framlegg til tiltak som skal gjennomførast.
- Alle tilsette, SU, FAU, elevråd og føresette får innsyn i resultat og tiltak.
- Skuleeigar møter eining for å få innsyn i resultat og tiltak.

5.4.1.6 Resultat

- Det er eit politisk mål at gjennomsnittet for kommunen må liggja på landsgjennomsnittet eller over.



Stoppunkt

Samarbeid med heimen

Mål

- **Laga gode system som sikrar at samtalar styrkjer den faglege og sosiale utviklinga til born og unge.**

Om samarbeid med heimen

Barnehagen og skulen skal i nær forståing og samarbeid med heimen, mellom anna ivareta borna sine behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

I skulen heng samarbeidet med heimen også nær saman med korleis vurdering og utviklingssamtalar skal gjennomførast.

Arbeid med fagleg og sosial kompetanse og utvikling krev målretta innsats frå alle som har med born og unge å gjera. Vi må vera tydelege på kva kompetansar og utvikling vi er ute etter - og ha klare mål som er kommuniserte til den einkilde/gruppa ein arbeider med.

Barnehagar og skular skal ha system for korleis dei arbeider med sosial kompetanse.

I barnehagane vert arbeid med sosial kompetanse ein del av ”Vurdering av barn”(VAB).

Skulane kallar dette arbeidet ”Dialog om anna utvikling”. Område som vert vurdert er mellom anna:

- Respekt og toleranse
- Samarbeid
- Kreativitet
- Ansvar for eiga læring
- Arbeidsmiljø

5.4.2 Barnehage – heim (Foreldresamtale)

5.4.2.1 Førebuing

- Barnehagen legg til rette for eit godt samarbeid med heimen.
- Barnehagen skal saman med heimen yta god omsorg for barnet og leggja grunnlaget for ei aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn.
- Barnehagen gjev føresette naudsynt informasjon om og grunnleggje barnehagen si verksemd og inviterer føresette til medverknad.
- Det er dagleg kontakt mellom barnehagepersonalet og føresette.
- Barnehagen gjennomfører systematiske observasjonar og kartleggingar.
- Barnehagen har fokus på utvikling; kva barnet meistarar og kva det treng særskilt støtte til.
- Føresette og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivsel og utvikling hos borna.
- Føresett og barnehagepersonalet viser gjensidig respekt for kvarandre som omsorgspersonar for barnet.

5.4.2.2 Gjennomføring

- Foreldresamtalane er planlagde og strukturerte.
- Det vert lagt til rette for tovegskommunikasjon.
- Gjennom foreldresamtalar utvekslar ein informasjon knytt til det einskilde barnet.

5.4.2.3 Resultat

- Auka læringsutbyte fagleg og sosialt for borna.

5.4.2.4 Evaluering

- Barnehagen drøftar korleis foreldresamtalane fungerer og kva som eventuelt kan gjerast for å auka utbyttet.
- Barnehagen drøftar korleis det daglege samarbeidet med foreldre fungerer og kva som eventuelt kan gjerast for å auka utbyttet.
- Oppvekstforum set av tid kvart år for å evaluera arbeidet med vurdering knytt til foreldresamtalen.

5.4.2.5 Tiltaka kan omfatta

- Omdisponering av ressursar til foreldresamtalar.
- Laga nye/justera skjema og malar som vert nytta til foreldresamtalane.
- Vidareutvikla felles progresjonar/planar innanfor fagområda i barnehagen.
- Følgja opp avtalar som gjeld andre instansar, t.d. kontakt med helsesøster, PPT.
- Undersøking blant føresette for å få tilbakemelding på /innspel til korleis foreldresamtalane kan gjennomførast betre.
- Utveksla erfaringar, utfordringar og god praksis med dei andre barnehagane i kommunen.

5.4.3 Skule – heim (Utviklingsamtale)

5.4.3.1 Førebuing

- Det er klare faglege og sosiale læringsmål på vekeplanar til elevane.
- Det er jamt fokus på læringsfremjande tilbakemeldingar – framover-meldingar.
- Elevane får jamt vurdere måloppnåing på eige arbeid.
- Elevane er jamleg i dialog med kontaktlærer/faglærer om eiga utvikling – fagleg og sosialt.
- Undervegsvurdering gjev jamn informasjon som rettleiing til eleven – og hjelper til å fremja læring, utviklar kompetansen til eleven og gjev grunnlag for tilpassa opplæring.
- Elevane deltek i vurdering av sitt eige arbeid.
- Elevane får innsikt i kva som er føremålet med utviklingssamtalane og korleis ein vil leggja opp arbeidet fram mot dei.
- Samarbeidet skule – heim er eit gjensidig ansvar, men skulen tek initiativ og legg til rette for samarbeidet.

5.4.3.2 Gjennomføring

- Utviklingssamtalar er planlagde og strukturerte.
- Det vert lagt til rette for tovegskommunikasjon.
- Elev og lærar planlegg utviklingssamtalen saman, gjerne på elevsamtalen som skal vera på førehand.
- Føresette får informasjon om den faglege og sosiale utviklinga til eleven i høve til mål og få vita korleis dei kan medverka til å fremja måloppnåinga.
- Foreldra får høve til å spela inn tema til utviklingssamtalen.
- Lærar legg fram dokumentasjon som viser resultat og utviklinga til eleven fagleg og sosialt.

- Elevane presenterer eigenvurdering på ulike fagområde.
- Det vert gjort opp status i høve til mål på førre utviklingssamtale.
- Utviklingssamtalen vert oppsummert i ei framovermelding.
- Samtalen skal munna ut i ei oppsummering, mellom anna med sikte på å verta einige om kva det særskilt skal leggjast vekt på i det vidare arbeidet.
- Eleven skriv logg etter utviklingssamtalen – tilpassast alderssteget.
- Kontaktlærarane informerer eleven sine lærarar om møtet og avtalar som er gjort.

5.4.3.3 Resultat

- Auka læringsutbytte fagleg og sosialt for elevane.

5.4.3.4 Evaluering

- Skulen drøftar kvart år korleis utviklingssamtalane fungerer og kva som eventuelt kan gjerast for å auka utbyttet for alle partar.
- Skulen drøftar korleis den jamlege vurderinga og samarbeidet med elevane og foreldre fungerer og kva som eventuelt kan gjerast for å auka utbyttet.
- Elevane får høve til å diskutera/koma med innspel til korleis utviklingssamtalane kan gjennomførast betre, t.d. gjennom å diskutera det på klassemøte.
- Oppvekstforum set av tid kvart år for å evaluera arbeidet med vurdering knytt til utviklingssamtalen.

5.4.3.5 Tiltak kan omfatte

- Kontaktlærarane følgjer opp avtalar som gjeld andre instansar, t.d. kontakt med helsesøster, PPT.
- Omdisponering/ekstra ressursar til t.d. elevsamtalar.
- Vidareutvikla felles progresjonar/planar innanfor ulike fag, grunnleggjande ferdigheiter eller sosial kompetanse.
- Laga nye/justera diverse skjema og malar som vert nytta til utviklingssamtalane.
- Undersøking blant føresette for å få tilbakemelding på /innspel til korleis utviklingssamtalane kan gjennomførast betre.
- Utveksla erfaringar, utfordringar og god praksis med dei andre skulane i kommunen.



Stoppunkt

Språkutvikling

5.4.4 Språkutvikling

5.4.4.1 Mål

- **Born skal sikrast system som legg til rette for tidleg innsats når det gjeld språkutvikling.**

5.4.4.2 Om språkutvikling - Kartlegging

Å utvikla eit språk er noko av det viktigaste som skjer i livet til eit barn. Språket gjev ikkje berre identitet og tilhørsle til eit fellesskap. Ved hjelp av språket lærer barnet også å forstå seg sjølv og omverda, noko som er avgjerande for barnet si vidare utvikling – både intellektuelt, sosialt og emosjonelt.

Vanskar i samband med å tileigna seg språket kan skuldast ei biologisk utrusting, skadar og/eller ei mangelfull miljømessig språkpåverknad. Når småbarn viser risiko for negativ utvikling, er støtte frå fagfolk ein viktig førebyggjande faktor. Det er i dei tidlege åra at grunnlaget for eit godt samspel og ei positiv utvikling vert lagt. Når ein legg til rette for læringssituasjonar der born lukkast med å læra, vert sjølvtilitt og sjølvbiletet til barnet bygt positivt opp.

Det er utvikla vurderingsverktøy som skal kunna brukast i tidleg registrering av språkutvikling. Slike verktøy vert nytta i barnehagane i Os når det er tvil om språkutviklinga til eit born.

Observasjonar av eit barn si språkutvikling kan dekkja følgjande område: Samspel, kommunikasjon, merksemd, språkforståing, språkleg kunnskap, uttale, ordproduksjon og setningsproduksjon.

Stortingsmelding 18 (2010-2011), Læring og fellesskap - Tidleg innsats og gode læringsmiljø for born, unge og vaksne med særlege behov, handlar om korleis ein kan fanga opp born med lærevanskar tidlegare og gje betre oppfølging tidleg. Her vert det lagt opp til at alle barnehagar skal tilby språkkartlegging når borna er 3 år.

Dokumentasjon knytt til einchildbarn er underlagt teieplikta og skal gjennomførast i barnehagane så langt kompetansen rekk. Ved behov for utvida kartlegging samarbeider barnehagane med PPT. Observasjon og kartlegging skal nyttast for å sikra at borna har ei jamn utvikling i tråd med føresetnadene sine.

Barnehagane har eit utvida samarbeid med helsestasjonen i samband med 4-års-kontrollen, med fokus på barnet si språkutvikling. Eit samarbeid med folkebiblioteket vil også vera naturleg.

Førebyggjande helsetenester gjer ei kartlegging av sanseintrykka gjennom fleire konsultasjonar frå fødselen til borna skal ta til på skulen. Etter skulestart vert undersøkinga gjort på indikasjon. Helsesøster følgjer språkutviklinga regelmessig og har eit samarbeid med foreldre og barnehagetenesta. Premature har ein auka risiko for generelle og spesifikke lærevanskar, psykiske helseproblem, ADHD og vanskar i sosiale relasjonar - noko som krev ei tettare oppfølging. Ei anna gruppe som krev tettare oppfølging er framandspråklege born som har utfordringar knytt til det norske språket. Det er viktig å vera klar over at ein alvorleg stor del av born med åtferds- og emosjonelle vanskar, har språkvanskar som ikkje er identifiserte - og omvendt.



5.4.4.3 Førebuing

- Barnehagane har jamt fokus på utvikling av eit godt språkmiljø, språkleg mangfald og gjennomfører aktiv språkstimulering i kvardagen.
- Barnehagane gjennomfører planlagde og strukturerte barnesamtalar og foreldresamtalar.
- Verksemdsplanar inneheld klare mål for arbeid med språkmiljø og medviten satsing på språkutviklinga til borna.
- Språkutvikling er tema på samtalar med føresette og på foreldremøte.
 - Føresette får tilbakemelding dersom kartlegging viser forseinka språkutvikling.
- Barnehagane gjennomgår jamleg gruppene med tanke på språkutviklinga.
- Førebyggjande tenester er i jamleg dialog med barnehagar og føresette om språkutvikling til borna.

- Språk er vurderingsområde på fleire konsultasjonar i helsestasjonsprogrammet og vert følgt over fleire år.
- Barnehagane har eit utvida samarbeid med helsestasjonen i samband med 4-årskontrollen med fokus på barnet si språkutvikling. Eit samarbeid med folkebiblioteket vil også vera naturleg.
- Premature og framandspråklege born vert følgde spesielt.
- Tilbod om "Musikk ved livets begynning", eit tverrfagleg samarbeid mellom helsestasjon, kulturskolen og fysioterapeuttenesta.

5.4.4.4 Gjennomføring

- Kartlegging av born som viser forseinka språkutvikling.
 - Resultatet frå kartlegging vert analysert og framlegg til tiltak vert diskutert.
- Førebyggjande helsetenester gjennomfører 14 konsultasjonar dei 5 første leveåra med ei jamleg oppfølging av blant anna språkutvikling. Ved 4-årskontrollen har helsestasjonen eit samarbeid med familien og barnehagane.

5.4.4.5 Resultat

- Flest mogleg born som meistrar forventa språkutvikling etter alderssteget.

5.4.4.6 Evaluering

- Ta opp til diskusjon og vurderer om tiltaka under førebuingdelen er tilstrekkelege for å sikra tidleg innsats i høve til språkutviklinga hos borna.
- Evaluera tilbodet i takt med nasjonale føringar, behovet i kommunen og tilgjengelege ressursar.

5.4.4.7 Tiltak kan omfatta

- Oppfølging av enkeltbarn, inkludert ev. oppmelding/tilvising til PPT.
- Erfaringar som er knytte til førebuingarbeidet.
 - Vurdera å ta i bruk fleire kartleggingar og/eller systematiske observasjonar.
- Evaluering av barnehagen sine planar/årshjul:
 - Vurdera om ein i tilstrekkeleg grad vektlegg språkopplæring.
 - Vurdera om ein har nok kompetanse på området.
- Ei vurdering av kva ressursar, inkludert læringsressursar, som trengst for å gjennomføra tiltaka.



Stoppunkt

Grunnleggjande ferdigheiter

Mål

- **Alle elevar skal sikrast god opplæring i dei grunnleggjande ferdigheitene lesing, skriving, rekning og faget engelsk.**
- **Sikra system rundt:**
 - o **Kartlegging i lesing 2. årstrinn**
 - o **Tidleg innsats i høve til leseferdigheit**
- **Elevane er trygge i vatn og symjedyktige etter 4. trinn**

Til dette stoppunktet følgjer det prosedyre knytt til nasjonale prøvar i grunnleggjande ferdigheiter. I tillegg er det laga prosedyre for kartlegging av leseferdigheit på 2. årstrinn og til symjeferdigheit på 4. årstrinn.

5.4.5 Nasjonale prøvar – lesing, rekning, engelsk

5.4.5.1 Førebuing

- Lærarane kjenner til innhaldet i rettleiingane til prøvane, der det vert forklart kva slag ferdigheiter som skal kartleggjast – og kva meistringsnivå elevane vert delte inn i.
- Fritak for nasjonale prøvar skal vera i høve til retningslinjer frå skulefagleg ansvarleg.
- Elevane har klare mål for kva dei skal kunna på ulike trinn i høve til lesing og rekning som grunnleggjande ferdigheit og i engelsk. Dette vert innarbeidd i fagplanar på den einskilde skule og er læringsmål på t.d. vekeplanar.
- Førebuingar til nasjonale prøvar skal utførast likt mellom skulane i Os kommune. Retningslinjer for førebuingane skal utarbeidast av skulefagleg ansvarleg i kommunen.

5.4.5.2 Gjennomføring

- Elevane gjennomfører eksempeloppgåvene som ligg på Udir si nettside
- Elevane gjennomfører nasjonale prøvar i den perioden Udir har bestemt.
- Lærarar rettar tekstar og/eller sender inn resultat.
- Elev og føresette får tilbakemelding om resultatet på utviklingssamtale - med fokus på kva eleven meistrar og kvar forbetningspotensialet ligg.

For å måla fagleg utbyte av undervisninga, gjennomfører Utdanningsdirektoratet (Udir) nasjonale prøvar på 5. og 8. trinn i dei grunnleggjande ferdigheitene lesing, rekning og engelsk. Nasjonal prøve i skriving vil verta gjennomført som utvalsprøve laga av Skrivesenteret, dvs at den berre vert gjennomført på utvalde skular med start i 2012.

Føremålet med nasjonale prøvar er å vurdere i kva grad skulen lukkast med å utvikla elevane sine grunnleggjande ferdigheiter. Nasjonale prøvar skal først og fremst gje styringsinformasjon til skulane og kommunane.

Det er også ein føresetnad at prøvane skal koma til nytte for utviklinga til kvar enkelt elev i samarbeid mellom lærar, elev og føresette - dvs. vurdering for læring.

5.4.5.3 Resultat

Kommunale mål for resultat på nasjonale prøvar i grunnleggjande ferdigheiter er sette opp i tabellen under. Det er eit politisk mål at gjennomsnittet for kommunen må liggja på landsgjennomsnittet eller over. Nokre skular i kommunen har hatt betre resultat enn gjennomsnittet for landet. Desse skulane må prøva å oppretthalda dette, og kanskje setja seg høgare mål – spesielt for dei elevane som oppnår dei lågaste meistringsnivåa.

Ferdigheit/fag	Trinn	Talet på meistringsnivå/maks poengsum	Resultat Os kommune 2010/2011	Resultat nasjonalt 2010/2011	Forventa snitt i Os kommune
Lesing	5.	3	1,8	2,0	2,0
	8.	5	2,8	3,1	3,1
Rekning	5.	3	1,9	2,0	2,0
	8.	5	2,9	3,1	3,1
Engelsk	5.	3	1,9	2,0	2,0
	8.*	5	2,9	3,1	3,1

*Same prøve også for 9. trinn

5.4.5.4 Evaluering

- Alle lærarar på trinnet får innsyn i resultatet, samt spesialpedagog. Dei andre lærarane ved skulen skal verta orienterte om resultatet.
- Skulen som elevane har gått på året før gjennomføringa, får tilbakemelding om resultatet.
- Så snart resultatet er klart, går skulen gjennom og analyserer resultatet - og kjem med framlegg til tiltak som skal gjennomførast.

5.4.5.5 Tiltak kan omfatta

- Oppfølging av einssildelevar eller grupper av elevar, inkludert ev. oppmelding til PPT.
- Erfaringar som er knytte til førebuingararbeidet.
- Evaluering av skulen sine fagplanar/halvårsplanar/vekeplanar
 - Vurdera om ein i tilstrekkeleg grad vektlegg grunnleggjande ferdigheiter i det daglege arbeidet på trinna.
- Ei vurdering av kva ressursar, inkludert læringsressursar (læremiddel m.m.), og kompetanse som trengst for å gjennomføra tiltaka.
- Gje innspel til endring eller tillegg i kommunal plan (gjeld ikkje engelskfaget) som gjeld grunnleggjande ferdigheiter, ev. på nettverksmøte.

5.4.6 Kartleggingsprøvar – lesing 2. trinn

5.4.6.1 Førebuing

- Læringsmål knytte til delprøvene i kartleggingane er innarbeidde i skulen sine fagplanar og synleggjorte på t.d. vekeplanar.
- Lærarane kjenner til innhaldet i rettleiingane til kartleggingsprøvene der det vert forklart kva slag ferdigheiter som skal kartleggjast – og kva meistringsnivå elevane vert delte inn i.
- Føresette får innsyn i resultatet på utviklingsamtalar.

5.4.6.2 Gjennomføring

- Elevane gjennomfører kartlegginga i den perioden Udir har bestemt.

5.4.6.3 Resultat

- Færrest mogeleg elevar under/på bekymringsgrensa.

5.4.6.4 Evaluering

- Kort tid etter gjennomføringa, analyserer lærarane resultatet og kjem med framlegg til tiltak som skal gjennomførast.
- Skulen og lærarane bruker resultatata frå prøvane til å setja i verk naudsynte tiltak - for å følgja opp elevar som har behov for det.
- Resultata frå kartleggingsprøvene vert vurderte og sette i samanheng med annan informasjon, som lærar og skule har om elevane.
- Rektorar og skuleeigar vil studera om prosentdelen med elevar på/under bekymringsgrensa stig eller fell frå år til år.

Kartleggingsprøve i leseferdigheit på 1., 2. og 3. trinn er obligatoriske å gjennomføra for alle skular. I tillegg skal det gjennomførast kartleggingsprøve på 2. trinn i talforståing og rekneferdigheit. Det er også utarbeidd tilsvarande kartleggingsprøver for 1. og 3. trinn i tillegg til kartlegging i engelsk for 3. trinn.

Føremålet med kartleggingsprøvene er å undersøka om det er elevar som treng ekstra oppfølging.

Kartleggingsprøvene er utforma på ein slik måte at dei fangar opp elevar som har svak kompetanse, og dei gjev ikkje fullstendig informasjon på alle ferdigheitsnivå.

Prøvene er difor ikkje eigna som rapportering til systemnivå, og gjev ikkje god nok informasjon om elevane sin samla kompetanse eller kvalitet på skulen.

Men det vert viktig at skulane/lærarane kjenner til kva kartlegginga inneheld og arbeider målretta, samt bruker resultatata aktivt for å imøtekoma prinsippet om tidleg innsats.

5.4.6.5 Tiltak kan omfatte

- Oppfølging av einskildelevar eller grupper av elevar, inkludert ev. oppmelding til PPT.
- Erfaringar som er knytte til førebuingssarbeidet.
- Nærare samarbeid med føresette.
- Evaluering og/eller justering av skulen sine fagplanar.
- Ei vurdering av kva ressursar/innsats og kompetanse som trengst for å gjennomføra tiltaka.
- Gje innspel til endring/justering av kommunal plan.



Stoppunkt

Digital kompetanse - og danning

5.4.7 Digital kompetanse – og danning

5.4.7.1 Mål

- **Born og unge får systematisk og målretta opplæring i digitale ferdigheiter – tilpassa alderssteget.**
- **Born og unge veit kva digital danning inneber.**
- **Born og unge får bruka digitale verktøy i læringsarbeidet for å nå kompetansemåla.**
- **Bruk av digitale verktøy skal bidra til meir varierte arbeidsformer, å utvikla gode læringsstrategiar hos elevane og å auka læringsutbyttet deira.**

5.4.7.2 Førebuing

- IKT-verktøy inngår som ein naturleg del av læringsarbeidet i barnehage og skule.
- Born og unge får etter alderssteg kompetanse om nettvett, kjeldekritikk og medviten bruk sosiale medium.
- Barnehagar og skular har ein plan for opplæring i digitale ferdigheiter.

5.4.7.3 Gjennomføring

- Elevundersøking med tilleggs-spørsmål om PC-bruk.
- Lokal brukarundersøking.

Digital kompetanse er ein av fem grunnleggjande ferdigheiter i skulen. På same måte som lesing, skrivning og rekning, skal bruk av digitale verktøy vera eit integrert og kvar dagsleg hjelpemiddel og verktøy i skulen. Digitale verktøy skal nyttast i alle fag.

Definisjon av digital kompetanse (ITU 2006):

Digital kompetanse er ferdigheiter, kunnskapar, kreativitet og haldningar som alle treng for å kunna bruka digitale medium for læring og meistring i kunnskapssamfunnet.

Digital danning inneber kompetanse om nettvett, kjeldekritikk og medviten bruk sosiale medium.

5.4.7.4 Resultat

- Alle born og unge i kommunen får systematisk og målretta opplæring i digital kompetanse knytt til læringsarbeid, dvs. at dei tek i bruk IKT-verktøy for å læra.

5.4.7.5 Evaluering

- Barnehagar og skular evaluere kvart år resultat av læringsarbeidet og kjem med framlegg om ev. justeringar.
- Nettverk for IKT-retteljarar drøftar kvart år resultat av læringsarbeidet og kjem med framlegg om ev. justeringar.

5.4.7.6 Tiltak kan omfatta

- Erfaringar knytt til førebuingarbeidet.
- Evaluering og eller justering av barnehagen/skulen sine fagplanar.
- Ei vurdering av kva ressursar/innsats og kompetanse som trengst for å gjennomføre tiltaka.

Born og unge skal henta informasjon og kommunisera ved hjelp av digitale verktøy.
Arbeidet dei utfører kan delast inn i dei tre områda, utforska, uttrykkja og utveksla:

Utforska

- Elevane skal læra ein kritisk og medviten bruk av Internett og tenestene knytt til Internett.
- Dei skal utvikla gode haldningar som gjer at dei kan bruka Internett på ein trygg måte.

Uttrykkja

- Elevane skal omarbeida informasjon og skapa sin eigen kunnskap. Dei skal produsera tekstmateriale for ulike medium og mottakarar.

Utveksla

- Elevane skal kommunisera arbeid dei har gjort, på ulike måtar. Dei skal produsera digitale tekstar og bruka digitale verktøy for å presentera arbeid.



Symjeferdigheit

Stoppunkt

5.4.8 Symjeferdigheit

5.4.8.1 Mål

- **Elevane er trygge i vatn og symjedyktige etter 4. trinn.**

5.4.8.2 Førebuing

- Elevane på 3. og 4. trinn får minimum 40 timar begynnaropplæring i Os-badet.
- Lærarane følgjer kommunal plan for symjeopplæring.

5.4.8.3 Gjennomføring

- Den einskilde skulen set opp tidsplan for gjennomføring av symjeprøven.

5.4.8.4 Resultat

- Alle elevane er symjedyktige etter 4. trinn.

5.4.8.5 Evaluering

- Kort tid etter gjennomføringa analysera skulen resultatet og kjem med framlegg til tiltak som skal gjennomførast.
- Føresette får innsyn i resultatet på utviklingssamtalar.
- Oppvekstforum set av tid kvart år for å diskutera om symjeopplæringa gjev dei resultatata ein ynskjer og kjem med forslag til tiltak.

Symjeferdigheit

Dette er eit satsingsområde nasjonalt. Os kommune har eigen plan for symjeopplæring

Å visa at ein er symjedyktig inne vil seia å kunna:

Rulla uti på djupt vatn, symja 100 m på magen, stoppa og kvila, flyta på mage, rulla over, flyta på rygg i 3 minutt, symja 100 m på rygg.

5.4.8.6 Tiltak kan omfatte

- Oppfølging av einskildelvar eller grupper av elevar.
- Erfaringar som er knytte til førebuingsarbeidet.
- Nærare samarbeid med føresette.
- Evaluering og/eller justering av skulen sine fagplanar.
- Ei vurdering av kva ressursar/innsats og kompetanse som trengst for å gjennomføra tiltaka.
- Gje innspel til endring av kommunal plan på årleg samling for symjelærarane.

6 Kva andre planar finst?

6.1 Oppfølging og rullering av planar

Det er utarbeidd ei rekkje planar som skal vera med på å kvalitetssikra innhaldet innanfor tenestområdet Oppvekst og kultur. Nokre av desse planane tener som rettleiing, medan andre krev rullering/revidering etter fastsett plan.

Det har i fleire år vore arbeid med system rundt lese- og skriveopplæringa i kommunen. Som resultat av dette er det utarbeidd hefte "Lese- og skriveglede" tilpassa ulike alderstrinn; 5-åringar, 1. og 2. klasse, 3. og 4. klasse, 5.-7. klasse og 8.-10. klasse. I prosjektet "Rekn med Os(s)" vart det utarbeidd permar knytt til matematikkfaget for ulike alderstrinn: 5-åringar, 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-10. trinn.

I tabellen på neste side er det sett opp planar som er grunnlagsdokument for delar av kvalitetsplanen eller som inngår som ein del av arbeidet med å sikra kvalitet i tenestene:

Tittel på plan	Lenkje	Godkjent /sist revidert	Ny rullering /revidering	Oppfølging/ansvar
Skulebruksplan for Os kommune 2010-2011	https://oskommune.no/Nyhende-arkiv/14.10.2011/Skulebruksplan	2010	2014	Kommunalsjef for Oppvekst og kultur
Kvalitetssikringsplan for læring og sosial utvikling i barnehagane i Os		2010	2011	Barnefagleg ansvarleg
Kvalitetssikring vedkomande kartlegging av lese- og skriveferdigheit, 1.-10. klasse		2008	2011	Skulefagleg ansvarleg
Overgangsplan for barnehagar og skular i Os kommune	https://oskommune.no/under/Oversikt planar	2008	2010	Kommunalsjef
Plan for digital kompetanse i Os kommune	https://oskommune.no/under/Oversikt planar	2007	Haust 2011	IKT-rettleiar
Plan for symjeopplæring i Os kommune	https://oskommune.no/Plan for symjeopplæring	2010		Ressursgruppe i samarbeid med skulefagleg ansvarleg
Plan for samarbeid folkebibliotek - skulebibliotek	https://oskommune.no/under/Oversikt planar	2011	2013	Biblioteksjef i samarbeid med bibliotek-ansvarlege
Kulturminneplan		1992		Kommunalsjef for Oppvekst og kultur
Kulturplan for skulane i Os 2010-2012	https://os.kommune.no/under/Tenester	2010	2012	Kultur
Idrett og fysisk aktivitet, kommune-delplan 2008-2011	https://oskommune.no/under/Oversikt planar	2008	2011	Kommunalsjef for Oppvekst og kultur
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2005-2007	https://oskommune.no/under/Oversikt planar	2005		Helse og sosial
Psykisk helsearbeid 2007-2010	https://oskommune.no/under/Oversikt planar	2007		Helse og sosial

Det krevst ei heil bygd for å oppdra,
danna og utdanna eit barn

Anthem

*The birds they sang, at the break of day
Start again, I heard them say
Don't dwell on what has passed away
or what is yet to be.*

*Ah the wars they will, be fought again
The holy dove, She will be caught again
bought and sold, and bought again
the dove is never free.*

*Ring the bells that still can ring
Forget your perfect offering
There is a crack in everything
That's how the light gets in.*

*We asked for signs, the signs were sent:
the birth betrayed, the marriage spent
Yeah the widowhood, of every government
signs for all to see.*

*I can't run no more, with that lawless crowd
while the killers in high places, say their
prayers out loud.
But they've summoned, they've summoned up
a thundercloud and they're going to hear from me.*

Ring the bells that still can ring ...

*You can add up the parts, but you won't have the sum
You can strike up the march, there is no drum
Every heart, every heart, to love will come
but like a refugee.*

*Ring the bells that still can ring
Forget your perfect offering
There is a crack, a crack in everything
That's how the light gets in. (x 2)*

Tekst og melodi L. Cohen

Anthem

*Hør fuglers sang i morgengry
Nå e det dag. Begynn på ny
Ikkje dvel ved det som var,
eller ved det du ikke har.*

*For kriger kjempes og slag vil stå
Den Hvite Due, settes inn bak lås og slå
Kjøpt og solgt, for evig tid
Fuglen er aldri fri.*

*Ring med alle klokker som har klang!
Ditt offer blir'kje som det var en gang
Der e sprekk, en brist, i alle ting
Det e sånn lyset kommer inn.*

*Vi ba om tegn og tegn ble sendt
Et fødsels skrik, et liv på vent
På enkesete sitter alle lands regjeringer,
som seg hør og bør. Den som har ører, hør!*

*De som har makten, sparker ned
Ber fromme bønner, slipper unna alt med det
Men de har samlet, demmet opp, en tordensky
Kor vil de søke ly?*

Ring med alle klokker som har klang...

*Du kan telle hver del, men du får ingen sum
Du kan spille opp en marsj, men trommene e stum
For varme hjerter brenner når vi møtes her,
- men alltid som flyktninger.*

*Ring med alle klokker som har klang!
Ditt offer blir'kje som det var på Paradis en gang
Der e sprekk, en brist, i alle ting
Det e sånn lyset kommer inn. (x2)*

Til norsk l. Tor 2008



Å verta anerkjent

I eit positivt og anerkjennande
miljø vert alle sett og
opplever samhald.



Kvalitetsplan

Oppvekst og kultur

OS KOMMUNE 2011-2014